

INNHALD

DEL 1: ORDKLASSER

| | |
|---------------------|----|
| Substantiv | 2 |
| Pronomen..... | 12 |
| Adjektiv | 16 |
| Bestemmarord | 28 |
| Verb | 36 |
| Adverb | 51 |
| Preposisjonar | 55 |
| Konjunksjonar | 59 |
| Subjunksjonar | 62 |
| Interjeksjonar..... | 64 |

DEL 2: SETNINGAR

| | |
|------------------------------|----|
| Setningsledd..... | 65 |
| Heilsetningar..... | 71 |
| Leddsetningar..... | 78 |
| Å binde saman setningar..... | 86 |
| Teiknsetjing | 92 |

SUBSTANTIV

4

Set strek under alle substantiva under. Skal det vere stor eller liten forbokstav?

Eg kjenner ei kvinne. Ho heiter Carmen og kjem frå Cuba. På Cuba budde ho i hovudstaden, Havanna. Ho kom til Noreg i juni 2004. Det var ein tysdag morgon. Ho hugsar det godt. Ho kom saman med dei to barna sine. No bur ho på Flø i Ulstein.

5

Set inn *ei, ein* eller *eit*.

Hei! Eg heiter Arne. Eg er gift med Carmen. Ho har ein son, og ei dotter. Sonen heiter Leo, og dottera heiter Luisa. Dei kjem frå eit land i Latin-Amerika som heiter Cuba. På Cuba budde dei i Havanna. Havanna er ein stor by. Carmen arbeidde på eit sjukehus i sentrum. Leo gjekk på ein stor barneskule utanfor byen, men Luisa gjekk på ein vidaregåande skule inne i byen.

I Noreg bur vi i ei lita bygd. Vi bur i eit gult hus. Det ligg utanfor sentrum. No er eg i ein fin blomebutikk. Eg skal kjøpe ein stor blomebukett til kona mi, Carmen. Ho blir 40 år i dag. Barna har laga ei fin gåve til Carmen. Vi skal feire dagen saman med vener. Carmen har laga ei god kake.

7

Set inn substantiv i fleirtal.

| | |
|---------------|--|
| eit språk | Han kan snakke tre <u>språk</u> . |
| ein gut | Han har to <u>gutar</u> . |
| ei jente | Det er tre <u>jenter</u> i familien vår. |
| ein iranar | Det bur tre <u>iranarar</u> i huset. |
| eit hus | Ho eig mange <u>hus</u> . |
| ein elev | Det er mange <u>elevar</u> på skulen. |
| ei krone | Norskboka kostar hundre <u>kroner</u> . |
| ei datamaskin | Eg har kjøpt meg to nye <u>datamaskiner</u> . |
| eit land | Elevane kjem frå mange <u>land</u> . |
| ein flyktning | Fire nye <u>flyktningar</u> skal flytte til bygda vår. |

ein asylsøkjjar Vi har to asylsøkjarar i klassa vår.
ei kake Arne baker tre store kaker.
eit troll I skogen bur det mange troll.

8

Det er tre iranarar, to irakarar, fire afghanarar, to somaliarar, tre tyskarar og fem thailendarar i klassa.

9

Eintal eller fleirtal? Set inn rett form av substantiva.

jente Ei jente frå Cuba og mange jenter frå Russland skal gå på kurs.
krone Ho har berre ei krone, men sjokoladen kostar ti kroner.
land Nokre land har mange store byar, men i eit land i Europa, Island, er det berre små byar.
gut Mange gutar liker å spele fotball. Men eg kjenner ein gut frå Volda. Han liker handball best.
eple Eit raudt eple og mange grønne eple ligg på fatet.
mobiltelefon Eg har kjøpt ein ny mobiltelefon. Per har mange mobiltelefonar.
seng Det stod ei seng på det eine rommet. På det andre rommet stod det mange senger.
bygd Ei bygd er oftast mindre enn ein by. Men nokre bygder er store.
elev Ein elev må gjere lekser kvar dag. Det må alle elear.
hus Mange hus er kvite, men eitt hus er raudt.
dyr Det finst mange ville dyr i Noreg, men her i Ørsta har eg sett berre eitt vilt dyr.

10

| Kva heiter dei utheva orda i eintal? | Artikkel | Substantiv |
|---|----------|------------|
| Det ligg mange båtar i hamna. | Ein | båt |
| Ser du mange gutar her? | Ein | gut |
| Det er mange høge fjell på Vestlandet. | Eit | fjell |
| Vi må ha fleire teppe i stova. | Eit | teppe |
| Ho kjøpte to kåper på sal. | Ei | kåpe |

| | | |
|---------------------------------------|-----|---------|
| Familien har berre to senger . | Ei | seng |
| Leo knuste tre glas . | Eit | glas |
| Vi treng fleire oppgåver . | Ei | oppgåve |
| Det er to tyskarar i klassa. | Ein | tyskar |

11

Set inn substantiv i bestemt form eintal.

| | |
|---------------|--|
| eit viskelêr | Kan eg låne <u>viskelêret</u> ditt? |
| ei norskbok | Kven har gløymt <u>norskboka</u> si? |
| ein vikar | I dag kjem den nye <u>vikaren</u> . |
| ei tavle | Læraren skriv mykje på <u>tavla</u> . |
| eit krit | Læraren finn ikkje <u>kritet</u> . |
| ein penn | Denne <u>pennen</u> er min. |
| ein lærar | I dag er <u>læraren</u> sjuk. |
| ei dør | Kan du late att <u>dører</u> ? |
| eit bibliotek | Elevane skal gå på <u>biblioteket</u> og låne bøker. |
| ein pause | I <u>pausen</u> snakka elevane berre norsk. |
| ein pult | Per sit ved <u>pulten</u> sin og les i norskboka. |
| eit bilete | På veggen heng <u>biletet</u> av klassa. |
| ei lampe | <u>Lampa</u> står på bordet. |

12

Gjenta setningane med substantivet i bestemt form fleirtal.

| | |
|-------------------------------|--|
| Studenten kjem frå Cuba. | <u>Studentane</u> kjem frå Cuba. |
| Læraren underviser i norsk. | <u>Lærarane</u> underviser i norsk. |
| Kan du lukke vindauget? | Kan du lukke <u>vindauga</u> ? |
| Jenta liker å sparke fotball. | <u>Jentene</u> liker å sparke fotball. |
| Dette er veninna til Luisa. | Dette er <u>veninnene</u> til Luisa. |

13

Gjer om substantiva til bestemt form eintal eller bestemt form fleirtal.

| | |
|------------|--|
| ei adresse | Skriv <u>adressa</u> di her! |
| adresser | Læraren vil ha alle <u>adressene</u> . |

| | |
|-----------|---|
| ei lekse | Kva er <u>leksa</u> til i morgon? |
| lekser | Luisa vil gjere <u>leksene</u> i helga. |
| ein elev | <u>Eleven</u> synest norsk er eit enkelt språk. |
| elevlar | Vi har snakka med mange av <u>elevane</u> . |
| ein lærar | Eleven fekk hjelp av <u>læraren</u> . |
| lærarar | Nokre av <u>lærarane</u> hjelper oss med leksene. |
| eit hus | <u>Huset</u> er gult med kvite vindauge. |
| hus | Alle <u>husa</u> i gata vår er brune og raude. |

14

Set inn desse orda i bestemt form: *hage, konge, lærar, skule*

Skal vi på skulen i morgon? Vi må spørje læraren.

Kven er det som bur på slottet i Oslo? Det er kongen.

Alle barn mellom seks og femten år må gå på skulen.

Det er fint og varmt ute i dag. Skal vi ete i hagen?

15

Set inn substantiv som passar i rett form.

Det kom ein ny elev i klassa i dag. Eleven heiter Luisa. Ho er frå Cuba. Det er tre elevlar frå Spania i klassa. Elevane frå Spania må kjøpe bøker. Bøkene er på norsk. Dei må kjøpe bøkene i ein bokhandel. Bokhandelen i Ålesund ligg i sentrum.

16

Set inn substantiva i rett form: *ein hund, ein katt, eit hus, ein gut*

Ein sint hund sprang etter ein liten katt. Men katten sprang svært fort, så hunden nådde han ikkje. Katten fekk tid til å gøyme seg i eit hus. I huset budde det ein gut. Guten stengde døra, og hunden stod igjen ute.

17

Set inn substantiva i rett form.

sykkel Er dette din eller min sykkel? Nei, dette er ikkje sykkelen min.

Eg trur det er Leos sykkel.

eple Eg kjøpte mange eple i butikken. Men nokre av epla var sure.

| | |
|-------|---|
| jente | Fem av <u>jentene</u> i klassa mi liker å danse. Men nokre <u>jenter</u> liker ikkje å danse. |
| kone | Du må helse på <u>kona</u> mi. Mi <u>kone</u> heiter Carmen. |
| mann | Arne er <u>mannen</u> til Carmen. Carmen seier: " <u>Mannen</u> til Irina kjem frå Russland, men min <u>mann</u> kjem frå Noreg." |

18

Set inn substantiva i rett form: (1) = eit troll (2) = eit fjell

Trolla som kunne teie.

Det var ein gong tre troll. Dei budde på kvart sitt fjell. Trolla var så gamle at det grodde mose og voks skog på dei. Ein dag vart det ein del ståk og bråk på fjellet. "Kva er det?", sa det eine trollet. Så gjekk det hundre år. "Det var ein katt som mjaua", sa det andre trollet. Så gjekk det hundre år til. "Blir det for mykje snakk her, så flyttar eg!", sa det tredje trollet.

19

Set inn substantiva i rett form fleirtal.

| | |
|--------|---|
| bok | Luisa har tre <u>bøker</u> . |
| hand | Dei vaska <u>hendene</u> sine før dei åt. |
| dotter | Mohammed og Fatima har fire <u>døtrer</u> . |
| mor | <u>Mødrene</u> til jentene i klassa skal ta med kaffi. |
| ting | Kvar er alle <u>tinga</u> mine? |
| son | Kor mange <u>søner</u> har du? |
| far | Alle <u>fedrane</u> til gutane i klassa skal ta med kake. |
| bror | Kven av <u>brørne</u> dine heiter Per? |
| fot | Carmen har vondt i <u>føtene</u> sine. |

20

Set inn substantiva i rett form.

| | |
|-----|--|
| bok | Eg finn ikkje <u>boka</u> mi. |
| | Her er <u>bøkene</u> dine. |
| | Leo har mange fine <u>bøker</u> . |
| | Eg fann alle <u>bøkene</u> som eg likte. |

- jente Luisa er ei jente på 17 år.
Det er elleve jenter i klassa vår.
Nokre av jentene snakkar spansk.
- bror Per har ein bror. Han heiter Pål.
Kari har tre brør.
Eg har alltid ynskt meg ein bror.
Pablo liker å leike med brørne sine.
Broren til Per er tre år.
- bilete Carmen har mange fine bilete frå heimlandet.
Liker du å sjå på bilete?
Kva for nokre bilete er dine?
Fotografen tok bilete av klassa vår.
- hand Er det vanskeleg å teikne ei hand?
Du må ha begge hendene på rattet når du køyrer.
Du må ha ei av hendene på ryggen!
Ho tok han i handa og helsa på han.
- dotter Er det di dotter?
Nei, døtrene mine er heime.
Eg kjenner ei kvinne som har fire døtrer.
Den yngste dottera hennar heiter Maria.
- son Sønene mine skal reise til utlandet på ferie.
Den eldste sonen hennar skal bli prest.
Irina har tre vaksne søner og ein son som berre er fem år.
- far Faren til Carmen bur på Cuba.
Ho har ein far som er veldig snill.
Alle barna skreiv farsdagskort til fedrane sine.
Nokre fedrar er altfor snille med sønene sine.

21

Set inn mengdeorda *mykje* eller *mange*, *lite* eller *få*.

Leo synest det er mykje snø i Noreg, men det er også mange solskinsdagar.

På Cuba er det lite snø, og det er få regnvêrsdagar.

Spania eksporterer mykje vin. Mange av vinflaskene var knuste då dei kom fram.

Han et ikkje mykje graut. I staden et han mange brødskiver.

Det er mykje hat i verda. Likevel er det mange glade menneske. Det var mykje kaffi igjen på traktaren, så dei selde mange koppar kaffi etter lunsj.

23

Kven er dei? Finn eit substantiv som passar.

Ibrahim har flykta frå Irak. Han er flykting.

Kari baker og sel brød og kaker. Ho er bakar.

Per reparerer bilar. Han er mekanikar.

Bestefar har slutta å arbeide. Han er pensjonist.

Maria arbeider i ei avis. Ho er journalist.

Liv og Bente arbeider på ein skule. Dei er lærarar.

Vi studerer norsk. Vi er studentar.

Barna til Carmen går på skule. Dei er elevar.

Pablo og Anne arbeider på kafé. Dei er servitørar.

Fatima og Ola arbeider i butikk. Dei er ekspeditørar.

Carmen har studert medisin. Ho er lege.

24

Set inn orda med eller utan artikkel.

student Broren min er student.
Korleis er det på universitetet? Eg veit ikkje. Du må spørje ein student.
Ho liker livet som student.

bonde Eg kjenner ein bonde som har mange kyr. Han har vore bonde i 20 år.

nordmann Per Olsen er nordmann.
Den beste kameraten min er nordmann.
Når er nasjonaldagen i Noreg? Det må ein nordmann vite.

muslim Ein muslim drikk sjeldan alkohol.
Ibrahim er frå Irak. Han er muslim.
Veit du om Fatima er muslim?

25

Lag samansette substantiv der det eine ordet er:

rom soverom, romskip, leikerom, baderom, hotellrom, verdsrom, pusterom etc.
bok bokskap, bokhylle, lommebok, skrivebok, lesebok, kladdebok, norskbok etc.
pause røykjespause, lunsjpause, pustepause etc.
ball fotball, handball, volleyball, basketball, raspeball, potetball etc.

26

Set inn samansette substantiv som passar til forklaringane.

Skinnjakke er ei jakke av skinn.
Gulrotkake er ei kake med gulrot i.
Skrivebok er ei bok til å skrive i.
Eplejus er jus laga av eple.
Leverpostei er postei laga av lever.
Vinterklede er klede til bruk om vinteren.
Skulesekk er ein sekk til å bruke på skulen.
Norskkurs er eit kurs i norsk.
Engelskundervisning er undervisning i engelsk.
Heimearbeid er arbeid som ein gjer heime.
Matbutikk er ein butikk der du kan kjøpe mat.
Mormor er mor til mor di.

27

Set inn samansette substantiv som passar til forklaringane.

Ei bokhylle er ei hylle til å ha bøker i.

Ein bilmekanikar er ein mekanikar som reparerer bilar.

Ein potetsalat er ein salat laga av poteter.

Vaksenopplæring er opplæring for vaksne.

28

Set saman ord frå kvar gruppe. Bruk s for å binde saman orda:

ungdom plass ungdomsskule

arbeid skule arbeidsplass

bomull aktivitet bomullsgenser

fritid genser fritidsaktivitet

Set saman ord frå kvar gruppe. Bruk e for å binde saman orda:

lån fest lånekort

katt skule kattemat

barn mat barneskule, barnesykkel, barnefest, barnemat

gut kort gutesykkel, gutefest, guteskule

jul sykkel julefest, julemat, julekort

29

Kva tyder orda? Set strek mellom dei samansette orda:

Skulefritidsordning: skule | fritid | s | ordning

Arbeidar | partiet prøve | rom

mor | s | mål | s | undervisning midnatt | s | sol

samfunn | s | kunnskap familie | bilete

telefon | rekning kommune | politikk

språk | historie debatt | program

transport | middel minoritet | s | elevar

lokal | avis sysken | barn

| | |
|------------------------------|-----------------------|
| sjuke heim s pasientar | fast lege ordning |
| opphald s løyve | heim land |
| introduksjon s program | asyl søkjar |
| barn e rom | spansk kurs |

30

Vel mellom desse orda, og lag samansette substantiv. Det er fleire ord du kan velje mellom: fjell, rygg, kjøpe, bomull, ull, skinn, dun, silke, barn, sommar, vinter, gym, sykkel og bursdag

I går var det sal på eit kjøpesenter i byen. Eg kjøpte nye gymsko, ullue, ryggsekk, skinnhanskar, bomullsgenser, ei dunjakke og eit silkesjal. Til slutt kjøpte eg ein barnesykkel. Den skal Per få. Han skal ha bursdagsselskap i morgon.

PS! Det er fleire alternativ t.d. vintersko, sommarsko etc.

31

Fullfør setningane under.

Arne køyrer bil. Det er Arnes bil.

Carmen bur i eit hus. Det er Carmens hus.

Jenta har ein fin sykkel. Det er jenta sin sykkel.

Alle mødrene har mange barn. Det er mødrene sine barn.

Noreg har ein hovudstad som heiter Oslo. Det er Noregs hovudstad.

Mads har mange bøker. Det er Mads` bøker.

Sveits har mange bankar. Det er Sveits` bankar.

Guten har ein stor fotball. Det er guten sin fotball.

32

Fullfør setningane under. Bruk preposisjonar eller eigedomspronomen. Arne køyrer bil. Det er bilen til Arne.

Carmen bur i eit hus. Det er huset til Carmen.

Noreg har eit folketal på 4,7 millionar. Det er folketalet i Noreg.

Mads har mange bøker. Det er bøkene til Mads.

Sveits har mange bankar. Det er bankane i Sveits.

33

Bruk *Nynorskordboka nob-ordbok.uio.no* på Internett og finn ut korleis du bøyer substantiva *veninne, menn, husa, netter, brør, barn, dottera, finger, skjema, ei mor, fedrane, eplet*. Set dei inn i tabellen.

| Eintal | | Fleirtal | |
|------------|----------|----------|-----------|
| ubestemt | bestemt | ubestemt | bestemt |
| Ei veninne | veninna | veninner | veninnene |
| Ein mann | mannen | menn | mennene |
| Eit hus | huset | hus | husa |
| Ei natt | natta | netter | nettene |
| Ein bror | broren | brør | brørne |
| Eit barn | barnet | barn | barna |
| Ei dotter | dottera | døtrer | døtrene |
| Ein finger | fingeren | fingerar | fingerane |
| Eit skjema | skjemaet | skjema | skjemaa |
| Ei mor | mora | mødrer | mødrene |
| Ein far | faren | fedrar | fedrane |
| Eit eple | eplet | eple | epla |

PRONOMEN

1

Set inn passende pronomen.

Luisa er ny i klassa.

Ho er frå Cuba.

Vil du ha kaffi eller te?

Eg vil gjerne ha kaffi, takk!

Kjenner du Leo?

Ja, han er bror til Luisa.

Bur Arne og Carmen i byen?

Nei, dei bur på bygda.

”Hei, Luisa og Leo!

Skal de vere med på kino?”

Kvar kjem Leo og Luisa frå?

Dei kjem frå Cuba

Vil de vere med på tur?

Ja, det vil vi gjerne.

Leo et eit eple.

Det smaker godt.

Skulen er stor.

Han har fem hundre elevar.

| | |
|----------------------------|--------------------------------------|
| Huset er stort. | <u>Det</u> har fem soverom. |
| Leo og Luisa har ein katt. | <u>Han</u> heiter Prikken. |
| Eg har kjøpt ei ordbok. | <u>Ho</u> ligg i ranselen. |
| Leo må skrive ei tekst. | <u>Ho</u> må vere på minst to sider. |

2

Set inn rett pronomeren for orda til venstre.

| | |
|--------------|---|
| Leo og Luisa | <u>Dei</u> kjem frå Cuba. |
| Du og eg | <u>Vi</u> snakkar saman. |
| Per | <u>Han</u> har ein hund. |
| Hunden | <u>Han</u> heiter Tassen. |
| Du og Carmen | <u>De</u> må kome på besøk i kveld. |
| Bøkene | <u>Dei</u> ligg i sekken. |
| Leo og eg | <u>Vi</u> såg eit dyr på veg til skulen. |
| Dyret | <u>Det</u> sprang fort. |
| Carmen | <u>Hun</u> snakkar spansk, fransk og engelsk. |
| Luisa og vi | <u>Vi</u> skal gå på tur i sentrum. |
| De og eg | Skal <u>vi</u> gå på kino i kveld? |
| Leo og de | Lærer <u>de</u> nynorsk eller bokmål? |

3

Set inn rett pronomeren i svara.

| | |
|---------------------------------|--|
| Kven kan hjelpe meg? | Eg kan hjelpe <u>deg</u> . |
| Kven kan hjelpe Per og Kari? | Læraren kan hjelpe <u>dei</u> . |
| Har du sett boka mi? | Eg ser <u>ho</u> på pulten. |
| Kven blir med Leo på kino? | Luisa blir med <u>han</u> på kino. |
| Kan du gi bøkene til elevane? | Ja, eg kan gi bøkene til <u>dei</u> . |
| Kven vil bli med oss på tur? | Eg vil gjerne bli med <u>dykk</u> . |
| Kvar er hunden? | Eg ser <u>han</u> der borte. |
| Liker Arne Carmen? | Ja, han liker <u>henne</u> . |
| Kven er glad i deg? | Kari er glad i <u>meg</u> . |
| Når kjem Carmen og hentar dykk? | Ho kjem og hentar <u>oss</u> klokka 17.00. |
| I kva farge måla dei huset? | Dei måla <u>det</u> grønt. |

Har Luisa ringt til læraren? Ho ringde til han i stad.
Er alle presangane til Luisa? Ja, alle er til henne.
Vil du og Kari ete middag hjå oss? Ja, vi vil gjerne ete hjå dykk.

4

Set inn den rette forma av det personlege pronomenet.

Kjenner du Luisa? Ja, eg kjenner henne.
Ja, ho er veninna mi.

Kan eg og Leo kome på besøk? Ja, de kan kome neste veke.
Ja, eg ønskjer dykk begge velkomne.

Skal du og eg besøkje Leo og Luisa? Ja, dei vil gjerne treffe oss snart.
Ja, vi skal besøkje dei neste veke.

Har du snakka med Carmen? Nei, men ho ville snakke med meg i morgon.
Nei, men eg skal snakke med henne i kveld.

Vil du at eg skal kome i kveld? Nei, eg vil heller snakke med deg
på telefonen.
Nei, du kan ringje meg i kveld.

5

Set inn dei rette refleksive formene av dei personlege pronomena i svara.

Har du vaska deg? Det er viktig å stelle seg før ein legg seg for å sove om kvelden.

Ho tenkte seg godt om før ho svarte: "Eg elsker deg, men eg vil ikkje gifte meg med deg".

Dei gledde seg til eit godt måltid, og dei sette seg ned for å ete. Men så måtte dei flytte seg til eit nytt bord.

Eg kledde på meg før eg hjelpte sonen min med kleda. Sonen min greier ikkje å kle på seg sjølv. Han er berre eitt år.

Hei, barn! De må hugse å vaske dykk før de går på skulen.

6

Set inn rette former av dei personlege pronomena i svara.

Irina og Yuri skundar seg til skulen. Dei la seg seint i går kveld, og i dag fekk dei for lite tid til å vaske og stelle seg. Dei har to barn. Først måtte dei vaske dei før dei kunne vaske seg sjølve. Eg og Pablo helser på dei før vi også skundar oss inn i klassa. Læraren helser på oss alle før han set seg bak kateteret. ”No kan de begynne å arbeide”, seier læraren, og vi set oss ned og begynner å arbeide. Irina og Yuri synest oppgåvene er vanskelege. Før dei går heim, takkar dei for seg.

7

Skriv om setningane med gjensidige pronomener.

Arne er glad i Carmen, og Carmen er glad i Arne.

Arne og Carmen er glade i kvarandre (einannan).

Faren snakkar med sonen, og sonen snakkar med faren.

Faren og sonen snakkar med kvarandre (einannan).

Eg ser på deg, og du ser på meg.

Vi ser på kvarandre (einannan).

Leo snakkar ofte med kameratane sine.

Leo og kameratane snakkar ofte med kvarandre (einannan).

Arne hjelper Carmen, og Carmen hjelper Arne.

Arne og Carmen hjelper kvarandre (einannan).

Luisa lærer norsk av Leo, og Leo lærer norsk av Luisa.

Luisa og Leo lærer norsk av kvarandre (einannan).

ADJEKTIV

1

Fortel korleis substantivet er. Set inn adjektiv.

Hunden er snill.

Kona hans er blid.

Mora mi er sint.

Læraren er hjelpsam.

Naboen min er hyggeleg.

Maten er god.

Leksa mi er vanskeleg.

2

Set inn adjektiv som tyder det motsette. Vel mellom desse orda: *norsk, ny, ung, snill, sint, ny, svolten, varmt, stor, frisk, vanskeleg*

Mannen er gammal, ikkje ung.

Inne er det varmt, ikkje kaldt.

Arne er blid, ikkje sint.

Leo er liten, ikkje stor.

Dette er lett, ikkje tungt.

Er han utanlandsk eller norsk?

Er han mett eller svolten?

Er bilen gammal eller ung?

Er Carmen sjuk eller frisk?

Er Luisa slem eller snill?

3

Kva adjektiv vil du bruke for å fortelje om desse personane? Vel mellom desse orda: *blid, høfleg, lat, pratsam, flittig, sprekk, sjenert, uhøfleg*

Ein som ikkje orkar å gjere noko, er lat.

Ein som trenar kvar dag, er sprek.

Ein som alltid smiler, er blid.

Ein som takkar for maten, er høfleg.

Ein som ikkje helsar på andre, er uhøfleg.

Ein som alltid gjer lekse si, er flittig.

Ein som pratar mykje, er pratsam.

Ein som ikkje tør å bli kjend med nye menneske, er sjener.

5

Skriv ordenstala med bokstavar.

4. Per og Kari går i fjerde klasse på skulen i bygda.
- 15.05 Leo er fødd den femtande i femte.
9. Kontoret hennar ligg i niande etasje i ei høgblokk.
- 17.05 Nasjonaldagen i Noreg er den syttande i femte.
10. Ho går i tiande klasse, det siste året i grunnskulen.
- 29.02 Den tjueniande i andre kjem berre kvart fjerde år.
21. Vi lever i det tjueførste/fyrste hundreåret.

6

Skriv rett ordenstal for månad.

Desember er den tolvte og siste månaden i året, medan januar er den første/fyrste.

Den trede månaden mars, den fjerde månaden april og den femte månaden mai blir kalla for vårmånadene.

Er den åttande månaden august ein sommar- eller haustmånad? Dette er sommarmånadene: den sjette månaden juni, den sjuande månaden juli og den åttande månaden august.

September er den niande månaden, oktober er den tiande månaden, og november er den ellevte månaden. Vi kallar dei haustmånadene.

Vintermånadene er desember, januar og februar. Februar er den andre månaden.

7

Skriv ordenstala eller opplysningane under med tal.

| | |
|----------------------------|--|
| trettande | Kontoret hennar ligg i <u>13.</u> etasje. |
| tjuetredje i fjerde | Han har fødselsdag den <u>23.4.</u> |
| trettiande i første | Ho har fødselsdag den <u>30.1.</u> |
| femte i sjette neste år | Dei skal feire sølvbryllaupsdagen sin <u>5.6.2011.</u> |
| dag, månad og årstal i dag | I dag er det den <u>24.3.2010.</u> |

8

Set inn rett form av adjektivet i parentes.

| | |
|------|--|
| stor | Leo bur i eit <u>stort</u> hus med eit <u>stort</u> kjøkken og ein <u>stor</u> hage. |
| fin | Stova har ein <u>fin</u> lenestol med ei <u>fin</u> pute. Framfor stolen ligg eit <u>fint</u> teppe. |
| gul | Luisa er glad i <u>gult</u> . Derfor har ho kjøpt seg ei <u>gul</u> jakke, ein <u>gul</u> paraply og eit <u>gult</u> skjerf. |
| dyr | Eg har brukt for mykje pengar! Eg kjøpte ein <u>dyr</u> CD, eit <u>dyrt</u> dataspel og ei <u>dyr</u> bok. |
| god | Så <u>godt</u> ! Salaten er <u>god</u> , kaka er <u>god</u> , heile måltidet er <u>godt</u> ! |

9

Set inn rett form av adjektivet.

| | |
|-------|--|
| tjukk | Luisa har på seg eit <u>tjukt</u> skjerf. |
| grei | Det var eit <u>greitt</u> svar! |
| full | Rommet var <u>fullt</u> av røyk. |
| sunn | Det er viktig å ete <u>sunn</u> mat. |
| ny | Carmen har kjøpt seg eit <u>nytt</u> skjørt. |
| grå | Bestefar hadde heilt <u>grått</u> hår. |
| blå | Vi bur i eit grått hus. Naboen bur i eit <u>blått</u> hus. |
| fri | Ho lengtar etter å leve eit <u>fritt</u> liv. |

10

Set inn rett form av adjektivet.

- spennande Dette var ein spennande film.
For eit spennande kapittel dette var!
- bråkete Læraren syntest det var ei bråkete klasse.
Slå av radioen! Det var eit bråkete program!
- tyrkisk Han reiste med eit tyrkisk flyselskap.
Arne kjenner ein tyrkisk familie.
- norsk Er Per eit vanleg norsk gutenamn?
Dette er ikkje eit typisk norsk landskap.
- psykisk Han fekk ein alvorleg psykisk sjukdom.
Det var ikkje eit psykisk problem.
- open Han liker å sove ute under open himmel.
Det var eit ope vindaug på loftet.
- naken På kysten er det eit nake landskap.
Han fann ein nyfødd og naken fugleunge.
- lykkeleg Ho var ei lykkeleg jente då ho var lita.
Også som vaksen var ho eit lykkeleg menneske.
- triveleg Dei hadde ei triveleg stund saman.
Dette var verkeleg eit triveleg selskap!
- vaksen Han er snart ein vaksen mann.
Han er eit vakse menneske.

11

Set inn rett form av adjektivet i fleirtal.

- stor Mange nordmenn bur i store hus med store kjøkken og store hagar.
- fin Stova har fine lenestolar med fine puter. Framfor stolen ligg mange fine teppe.
- gul Ho er glad i gult. Derfor har ho kjøpt seg gule jakker, gule paraplyar og gule skjerf.
- dyr Eg har brukt for mykje pengar! Eg kjøpte dyre CD-ar, dyre dataspel og dyre bøker i går.
- god Så godt! Salatane er gode, kakene er gode, alle rettane er gode!

12

Gjer adjektiva og substantiva i setningane under om til fleirtal.

Dei fann ein sjeldan plante i skogen.

Dei fann fleire sjeldne plantar i skogen.

Carmen og Arne kjøpte ein gammal stol på loppemarknaden.

Carmen og Arne kjøpte nokre gamle stolar på loppemarknaden.

Ho syntest det var ei ekkel oppleving.

Ho syntest det var ekle opplevingar.

Dei såg ein sliten og spinkel gut.

Dei såg mange slitne og spinkle gutar.

Det er hyggeleg å bli møtt av ei open dør.

Det er hyggeleg å bli møtt av opne dører.

Han såg ei vakker jente på busshaldeplassen.

Han såg fleire vakre jenter på busshaldeplassen.

Kom igjen i morgon! Då får du eit sikkert svar!

Kom igjen i morgon! Då får du sikre svar!

13

Set inn rett form av adjektivet *liten*.

Tora bur i ei lita leilegheit. Leilegheita ligg i ein liten by på Island. Island er eit lite land nord i Europa. Det er fleire små land i Europa, for eksempel er Noreg eit lite land.

Det var ein gong ei lita kone og ein liten mann som budde i eit lite hus i ein liten skog.

Dei hadde ein liten katt og fem små barn. Alt i huset var lite. Stolane var små, bordet var lite og sengene var små.

14

Set inn bestemt form av adjektivet. Hugs bestemt artikkel.

| | |
|---------|---|
| billeg | Nokon hadde kjøpt <u>den billege</u> jakka. |
| koseleg | <u>Det koselege</u> huset var likevel ikkje til sals. |
| russisk | <u>Dei russiske</u> studentane kom frå Murmansk. |
| kjekk | <u>Dei kjekke</u> veninnene mine kom på besøk. |
| sint | Ho var redd for <u>den sinte</u> hunden. |
| rar | Ho visste ikkje kva ho skulle svare på <u>dei rare</u> spørsmåla. |
| sjuk | <u>Den sjuke</u> eleven fekk fri resten av dagen. |

15

Set inn rett form av adjektivet og substantivet.

| | |
|--------------------|---|
| stor, eit viskelêr | Kan eg låne <u>det store viskelêret</u> ditt? |
| ny, norskbøker | Kven har gløymt <u>dei nye norskbøkene</u> sine? |
| ung, ein vikar | I dag kjem <u>den nye unge vikaren</u> . |
| anna, problem | Skal vi diskutere <u>det andre problemet</u> ? |
| tjukk, eit krit | Læraren finn ikkje <u>det tjukke kriet</u> . |
| liten, barn | Ingen av <u>dei små barna</u> var ute og leikte i dag. |
| god, ein penn | <u>Den gode pennen</u> er min. |
| fast, ein lærar | I dag er <u>den faste læraren</u> vår sjuk. |
| open, ei dør | Kan du lukke <u>den opne døra</u> ? |
| grøn, ei tavle | Læraren skriv mykje på <u>den grøne tavla</u> . |
| lang, pausar | I <u>dei lange pausane</u> sine snakka elevane berre norsk. |

16

Set inn bestemt form av adjektivet og substantivet.

| | |
|----------------|---|
| gammal, bilete | På veggen heng <u>det gamle biletet</u> av klassa. |
| vakker, jente | <u>Den vakre jenta</u> som går der, er fotomodell. |
| ekkel, mat | Jenta ville ikkje smake på <u>den ekle maten</u> . |
| sjeldan, blome | Han kjøpte <u>den sjeldne blomen</u> i Thailand. |
| open, landskap | Han likte <u>det opne landskapet</u> . |
| vaksen, guten | <u>Den vaksne guten</u> ville ikkje vere med foreldra på ferie. |

17

Set inn dei rette formene av adjektivet *liten*.

Ein liten mann og ei lita kone budde i eit lite hus. Den vesle mannen og den vesle kona hadde fem små barn. I det vesle huset var det små vindauge, og på taket voks det ei lita furu. Ute i hagen voks det små tre og blomar. Eit lite piggsvin budde under eit lite tre i den vesle hagen. Den vesle familien likte seg svært godt i det vesle huset sitt.

18

Finn presens partisipp av verba, og bruk dei i setningane under.

Vel mellom desse verba: å *danse*, å *gråte*, å *syngje*, å *auke*, å *vekse*, å *leve*, å *smile*, å *hyle*

Narkotika er eit veksande problem i mange land.

Heile salen var full av dansande par som svinga seg rundt på golvet.

Dei gråtande barna greidde ikkje å fortelje kva som var gale.

Han syntest at ho hadde eit slikt levande ansikt.

Ho fekk hjelp med bagasjen sin av ein smilande ung mann.

Dei vart vekte av ei hylande sirene og forstod at det var brann.

På programmet var også den syngjande familien frå Hareid.

Mange er negative til dei aukande prisane på bensin.

19

Set inn eitt av samanlikningsuttrykka over og eit passende adjektiv.

Carmen er fødd i 1966. Maria er fødd i 1966.

Maria er like gammal som Carmen.

Carmen og Maria er like gamle.

Eg er fødd i 1960. Du er fødd i 1967.

Du er ikkje like gammal som meg.

Vi er ikkje like gamle.

Per er ein meter og åtti høg. Broren Pål er ein meter og åttifem høg.

Pål er høgare enn Per.

Brørne er ikkje like høge.

Luisa fekk 5 til eksamen. Per fekk 5 til eksamen.

Luisa er like flink som Per.

Dei er like flinke.

20

Set inn komparativformer av adjektiva.

| | |
|-----------|--|
| fin | Raud er ein <u>finare</u> farge enn blå. |
| snill | Per er <u>snillare</u> enn Pål, seier Kari. |
| vanskeleg | Denne oppgåva er <u>vanskelegare</u> enn den vi gjorde heime. |
| lett | Luisa synest norsk er <u>lettare</u> å lære enn engelsk. |
| dyr | Maten er mykje <u>dyrare</u> her enn i heimlandet, seier Carmen. |
| kald | Eg trur at desember månad var <u>kaldare</u> enn januar. |

21

Finn adjektiv som tyder det motsette.

| | |
|--|------------------------------------|
| Er blå ein finare farge enn raud? | Nei, han er <u>styggare</u> . |
| Er Pål snillare enn Per? | Nei, han er <u>slemmare</u> . |
| Er heimeoppgåva vanskelegare enn denne? | Nei, ho er <u>lettare</u> . |
| Synest Luisa at engelsk er lettare enn norsk? | Nei, det er <u>vanskelegare</u> . |
| Er maten mykje dyrare i heimlandet til Carmen enn her i Noreg? | Nei, han er <u>billegare</u> . |
| Har januar vore kaldare enn desember? | Nei, han har vore <u>mildare</u> . |

22

Set inn superlativformer av adjektivet.

| | |
|-----------|---|
| fin | Vêret er <u>finast</u> i mai her på Vestlandet. |
| stygg | Det er ofte <u>styggast</u> i november. |
| snill | Leo er <u>snillast</u> i familien. |
| slem | Pål er <u>slemmast</u> i familien. |
| lett | Heimeoppgåva var <u>lettast</u> av dei to. |
| vanskeleg | Skuleoppgåva er <u>vanskelegast</u> . |

| | |
|--------|---|
| dyr | Maten her i landet er dyrast i Europa. |
| billeg | Maten er <u>billegast</u> i heimlandet. |
| kald | Det var <u>kaldast</u> ute i februar. |
| varm | Men det var <u>varmast</u> i august. |

23

Set inn superlativ i bestemt form.

| | |
|-----------|---|
| fin | Mai er <u>den finaste</u> månaden i året. |
| stygg | <u>Det styggaste</u> vêret har vi i november. |
| snill | Per er <u>den snillaste</u> broren i familien. |
| slem | Pål er <u>den slemmaste</u> broren, meiner Kari. |
| lett | <u>Den lettaste</u> oppgåva gjorde vi heime. |
| vanskeleg | <u>Den vanskelegaste</u> oppgåva gjorde vi på skulen. |
| dyr | Vi har <u>den dyraste</u> maten i Europa. |
| billig | I heimlandet finn Carmen <u>den billegaste</u> maten. |
| kald | Februar var <u>den kaldaste</u> månaden sist år. |
| varm | Men <u>den varmaste</u> månaden i år var august. |

24

Set inn rett form av adjektivet.

| | |
|--------|--|
| god | Kva for ein sjokolade er <u>best</u> , den med rosiner eller den utan? Eg synest den med rosiner er <u>betre</u> enn den utan. Den med rosiner er <u>den beste</u> sjokoladen. |
| dårleg | Kva for eit program er dårlegast, det på TV2 eller det på NRK? Arne synest programmet på NRK er <u>dårlegare</u> enn det på TV2. På NRK finn han <u>det dårlegaste</u> programmet, synest han. |
| høg | Kva for eit hus er <u>høgst</u> , mitt eller ditt? Eg trur huset mitt er <u>høgre</u> enn ditt. <u>Det høgste</u> huset er mitt. |
| lang | Kven har <u>lengst</u> veg til skulen, Luisa eller Leo? |

Luisa har lengre skuleveg enn Leo.

Luisa har den lengste skulevegen.

mange Så mange leiker! Kven har flest?

Lise har fleire enn veslebroren.

Lise har dei fleste leikene.

mykje Kvar kan vi få mest hjelp, trur du?

Eg trur vi får meir hjelp av Kari enn av Lise.

Det meste av hjelpa får vi av Kari.

liten Kven er minst av dei to brørne dine?

Jan er mindre enn Jon.

Jan er den minste av brørne mine.

stor Kven er størst av dei to brørne dine?

Jon er større enn Jan.

Jon er den største broren min.

gammal Kven er eldst av Leo og Luisa?

Luisa er eldre enn Leo.

Luisa er den eldste av dei to.

ung Kven er då yngst av dei to?

Leo er yngre enn Luisa.

Leo er den yngste av dei to.

25

Set inn rett form av adjektivet.

brukt Kva for eit rom blir mest brukt, stova eller kjøkkenet?

Kjøkkenet blir nok meir brukt enn stova, trur eg.

Kjøkkenet er nok det mest brukte rommet.

kjend Kven er mest kjend, den amerikanske eller den russiske presidenten?
Den amerikanske presidenten er vel meir kjend enn den russiske.
Den amerikanske presidenten er vel den mest kjende av dei.

moderne Kva er mest moderne no for tida, langt eller kort hår?
Eg trur kort hår er meir moderne enn langt.
Kort hår er vel det mest moderne i dag.

interessant Kva for ei bok er mest interessant, synest du.
Eg synest boka om reiseliv er meir interessant enn dei andre.
Det er den mest interessante boka av dei vi har.

spennande Kva for ein film synest du er mest spennande?
Filmen frå Sverige er meir spennande enn filmen frå USA.
Den svenske filmen er den mest spennande av dei to.

26

Bruk adjektiva til venstre som substantiv. Hugs artikkel der det er nødvendig.

ung Alle unge får rabatt på billettane.
Mange av dei unge har fått seg sommarjobb.
Dei fleste unge går på skule til dei er 19 år.

gammal Ingen av dei gamle var heime då eg ringde.
Nokre gamle ønskjer å reise til Syden om vinteren.
Filmen passa både for unge og gamle.

kjend Kanskje nokre av dei kjende vil kome på festen?
Er det mange kjende som har gått på denne skulen?
Alle kjende finn du i denne boka.

rik Det er store forskjellar mellom fattig og rik.
Dei rike bur i utkanten av byen.
Det er få av dei rike som køyrer slike bilar.

arbeidsledig I fjor var det mange arbeidsledige i Ulsteinvik.

Dei arbeidsledige må melde seg hos NAV.

NAV er eit kontor som hjelper arbeidsledige med å finne jobb.

27

Oppsummering av arbeidet med adjektiv: Sett inn adjektiv med motsett tyding i rett form.

Alle barna er snille.

Ingen av barna er slemme.

Vil du ha eit gammalt bilete?

Nei, eg vil nok heller ha eit nytt bilete.

Var dette huset dyrt?

Nei, dette var eit billig hus.

Liker du eit slikt gammaldags skjerf?

Nei, eg vil heller ha eit moderne.

Er dette eit lukka møte for spesielt interesserte?

Nei, dette er eit opne møte. Alle møta her er opne for alle.

Eg synest desse møblane er stygge!

Nei, tvert imot! Eg synest dei er svært fine.

Alle meinte dette var vanskelege matematikkoppgåver.

Ingen syntest dei var lette.

Luisa har fått mange nye vener etter at ho kom til Noreg.

Likevel saknar ho dei gamle venene sine.

Eg vil ha ein stor is, eit stort glas brus og to store sjokoladar. Kva vil du ha?

Eg vil berre ha ein liten is, eit lite glas brus og to små sjokoladar.

Å! Eg har berre eit stygt skjørt å ha på meg på festen i kveld!

Men kva med det fine skjørtet du kjøpte i ferien?

Er du galen? Det skjørtet er styggare enn alle dei andre! Eg tykkjer det er det styggaste skjørtet ein kan tenkje seg!

BESTEMMARORD

2

Set inn *mi, min, mitt* eller *mine*.

Det er pennalet mitt som ligg på pulten. Såg du pengane mine som låg i veska mi? Foreldra mine er innflyttarar. Faren min er frå Oslo, og mora mi er frå Bergen. Elisa er syskenbarnet mitt. Ho bur i Trondheim. Dei andre syskenbarna mine bur her.

Set inn *di, din, ditt* eller *dine*.

Har du hugsa matpakken din? Bøkene dine ligg på stovebordet, og jakka di på golvet! Det er ditt ansvar å kome på skulen til rett tid. Læraren din blir nok både sint og irritert viss du er for sein. Venene dine ventar på deg utanfor huset ditt. Har du hugsa tekstboka di? Skund deg!

Set inn *vår, vårt* eller *våre*.

Det nye huset vårt er fint. Alle møblane våre er på plass, og bilen vår står i garasjen. Stova vår er måla kvit, soveromma våre er blå, og det store kjøkkenet vårt er gult.

4

Set inn *sin, si, sitt* eller *sine*.

Maria er seint ute og må skunde seg på jobb. Ho tek på seg kleda sine i ein fart, et maten sin, pussar tennene sine, finn veska si og låser til slutt døra til huset sitt. Barna til Maria har allereie gått til skulen sin. Dei åt frukosten sin og smurde matpakkane sine før dei gjekk. Dei treng ikkje å låse huset sitt, for det gjer Maria. Maria køyrer bilen sin til arbeidsplassen sin. Ho er glad i arbeidet sitt og vil ikkje kome for seint. Når ho kjem fram, ser ho kollegaene sine på veg inn døra. Ho finn veska si og papira sine og skundar seg etter.

5

Set strek under eigedomsorda.

I kveld har eg bestemt meg for å gå på kino saman med broren min og to av venene mine. Broren min er to år yngre enn meg, og venene mine er like gamle som meg. Den eine venen min kjem frå Iran, den andre venen min er norsk. Foreldra mine er ikkje heime i kveld, men tanta mi kjem innom for å sjå korleis vi har det. Eg bruker å besøkje tanta mi og onkelen min nokså ofte. Dei bur i nabobygda, og bestefaren min og bestemora mi bur ikkje så langt frå dei. Eg vil besøkje alle slektningane mine der seinare i veka.

Fortel det same om Per.

I kveld har Per bestemt seg for å gå på kino saman med broren sin og to av venene sine. Broren hans er to år yngre enn meg, og venene hans er like gamle som meg. Den eine venen hans kjem frå Iran, den andre venen hans er norsk. Foreldra hans er ikkje heime i kveld, men tanta hans kjem innom for å sjå korleis dei har det. Per bruker å besøkje tanta si og onkelen sin nokså ofte. Dei bur i nabobygda, og bestefaren hans og bestemora hans bur ikkje så langt frå dei. Per vil besøkje alle slektningane sine der seinare i veka.

Fortel det same om Kari.

I kveld har Kari bestemt seg for å gå på kino saman med broren sin og to av venene sine. Broren hennar er to år yngre enn meg, og venene hennar er like gamle som meg. Den eine venen hennar kjem frå Iran, den andre venen hennar er norsk. Foreldra hennar er ikkje heime i kveld, men tanta hennar kjem innom for å sjå korleis dei har det. Kari bruker å besøkje tanta si og onkelen sin nokså ofte. Dei bur i nabobygda, og bestefaren hennar og bestemora hennar bur ikkje så langt frå dei. Kari vil besøkje alle slektningane sine der seinare i veka.

Fortel det same om Per og Kari.

I kveld har Kari og Per bestemt seg for å gå på kino saman med broren sin og to av venene sine. Broren deira er to år yngre enn meg, og venene deira er like gamle som meg. Den eine venen deira kjem frå Iran, den andre venen deira er norsk. Foreldra deira er ikkje heime i kveld, men tanta deira kjem innom for å sjå korleis dei har det. Kari og Per bruker å besøkje tanta si og onkelen sin nokså ofte. Dei bur i nabobygda, og bestefaren deira og bestemora deira bur ikkje så langt frå dei. Kari og Per vil besøkje alle slektningane sine der seinare i veka.

6

Refleksivt eller vanleg eigeomsord? Set inn *hans, hennar, deira* eller *sin, si, sitt, sine*.

Carmen skal følgje sonen sin til fastlegen i dag. Sonen hennar, Leo, har vondt i halsen og hostar. Legen hennar synest hosten til Leo er stygg, og han gir mora ein resept slik at ho kan kjøpe medisin til guten sin. Naboen til Carmen, Kari, er også på legekantoret med to av barna sine. Guten og jenta hennar er også sjuke. No ventar barna på faren sin som skal kome og hente dei. Begge foreldra deira er litt urolege for barna sine, særleg for jenta si, som har høg feber. Legen lover både Kari og Carmen at barna deira snart skal bli friske. Han kan nok arbeidet sitt, tenkjer Carmen.

7

Set inn *den, det* eller *dei* i staden for substantiva under.

| | |
|----------|--|
| måleri | Så vakkert <u>det</u> er! |
| sykkelen | Å nei, sjå <u>den</u> , heilt øydelagd! |
| boka | <u>Den</u> var dyr, 300 kroner! |
| fjella | Har du sett så høge fjell før? <u>Dei</u> er dei høgste eg har sett! |

8

Set inn *denne, dette* eller *desse* i staden for substantiva under.

| | |
|---------------|--|
| restaurant | Skal vi ete på <u>denne</u> i dag? |
| restaurantane | <u>Dei</u> som ligg her på andre sida av gata, er så dyre. |
| skjørtet | <u>Dette</u> var kjempefint og billig. |
| skjorta | <u>Dei</u> andre var både dyre og umoderne. |

lua Her var det mange luer. Skal eg ta på meg den?
luene Dei ser ikkje så varme og gode ut!

9

Set inn *denne, dette* eller *desse* før substantiva i setningane under.

Kva meiner du med dette spørsmålet?

I denne byen er det vanskeleg å finne eit billig hus!

Dette eplet smakte ikkje godt!

Tusen takk! Desse blomane var vakre.

Så flink kokk du er! Denne maten smakte godt.

Å nei! Eit hò! Og denne jakka som var så dyr!

Desse druene smakte mykje betre enn dei vi kjøpte i går!

Endeleg! Denne oppgåva veit eg svaret på!

10

Set inn *den, det, dei, denne, dette* eller *desse* som i eksempelet.

Vi kan ta *desse* stolane, men ikkje *dei* der borte.

Eg vil kjøpe denne boka, men ikkje den der borte.

Eg vil ha desse epla, men ikkje dei der borte.

Eg kjenner desse flyktingane, men ikkje dei som går der.

Han bur i dette huset, ikkje i det der borte.

Vi kan låne desse maskinene, men ikkje dei der borte.

Den klokka går rett, men ikkje den som heng på veggen der.

11

Lag setningar der du set inn *begge to* eller *begge delar*.

Vil du ha mjølk eller kakao? Begge delar.

Snakkar du arabisk eller kurdisk? Begge delar.

Vil du ha det grønne eplet eller det raude eplet? Begge to.

Liker du fotball eller handball? Begge delar.

Er det Luisa eller Leo som kjem? Begge to.

12

Set inn *både* eller *begge*.

Carmen kjøpte begge jakkene.

Ho kjøpte både sommarjakka og vinterjakka.

Elevane må skrive ferdig begge stilane til i morgon.

Elevane fekk fri frå skulen. Begge lærarane var sjuke.

Både norsklæraren og engelsklæraren var sjuke.

Begge brørne mine er eldre enn meg.

13

Skriv tala med bokstavar.

| | |
|---------------|------------------------------------|
| 39 | Trettini |
| 45 | Førtifem |
| 105 | Eithundre og fem |
| 378 | Trehundre og syttiåtte |
| 1555 | Eittusen femhundre og femtifem |
| 7634 | Sjutusen sekshundre og trettifire |
| 28 295 | Tjueåttetusen tohundre og nittifem |
| 2 000 000 | To millionar |
| 7 000 000 000 | Sju milliardar |

14

Skriv med tal kva varene kostar.

| | |
|---|-------|
| Mjølka kostar ti femti. | 10.50 |
| Sjokoladen kostar nitten kroner og nitti øre. | 19.90 |
| Eplet kostar seks femti for kiloen. | 6.50 |
| Kjøtet kostar seks og femti for kiloen. | 56 |
| Vaskepulveret kostar trettini førti. | 39.40 |
| CD-en kostar nittitre nitti. | 93.90 |
| Boka kostar tre og nitti nitti. | 93.90 |

15

Set inn *ei*, *ein* eller *eit* eller *éi*, *éin* eller *eitt*.

Er klokka to? Nei, klokka er berre eitt.

Eg har ei stor flaske brus, ein liten mjølkesjokolade og eit eple.

Kor mange flasker brus drakk du? Eg drakk ikkje meir enn éi flaske.

Kven har ete opp alle sjokoladane? Ikkje eg! Eg har berre ete éin sjokolade.

16

Set inn *mange* eller *mykje*, *få* eller *lite*.

Det er mykje/lite snø ute, og mange/få barn er ute og går på ski.

Det er lite/mykje kaffi igjen, men mange/få flasker brus.

Det er sunt å ete mykje fisk. I går var eg på sjøen og fekk mange fiskar.

Vi fekk så mykje god mat! Carmen og Arne hadde laga mange gode rettar.

Siste åra har det vore lite/mykje regn, men i haust har det vore mykje/lite regn.

Kjem det mange/få eller få/mange gjester på festen i kveld?

19

Set inn rette former av *mange*, *mykje*, *få* eller *lite*.

Det kom fleire/færre gjester enn Arne og Carmen hadde rekna med.

Nordmenn drikk meir kaffi enn det engelskmenn gjer.

Det er fleire/færre studentar frå Ghana enn frå Kenya.

Dei fleste/færraste studentane kjem frå Noreg.

Studentane fekk meir/mindre heimearbeid, mindre/meir enn i førre veke.

Luisa gjorde mykje/lite av heimearbeidet kvelden før.

Muhammed røykjer meir enn Fatima. Ho røykjer ikkje så mykje.

Arne og Carmen kjenner mange/få flyktingar.

Dei fleste/færraste flyktingane kjem frå Iran.

20

Set inn *litt* eller *lite*.

Vi har dessverre lite ris, men vi har litt kjøt og nokre poteter.

Vi kan ikkje køyre heilt til Oslo. Vi har lite bensin igjen.

Vil du ha litt kaffi, eller vil du ha litt te?

Arne røykjer litt, og han trimmar lite. Han burde ta betre vare på helsa si.

Du et så lite! Har du ikkje matlyst? Et du for lite fisk?

Carmen og Arne har allereie eit hus, men det er nokså lite. No når familien har vorte litt større, treng dei litt meir plass.

21

Set inn *all, alt, alle* eller *begge* saman med rett form av substantivet.

- snø Sjå all snøen som har kome i natt!
- bil Alle/begge bilane er dekte av snøen.
- vatn Kvar kjem alt vatnet på golvet frå?
- teppe Alle/begge teppa har vorte våte.
- mat Kva skal vi gjere med all maten som er igjen?
- pølse Alle/begge pølsene er visst borte.
- elev Vi må snakke med alle/begge elevane.
- elev Det er to irakiske elevar på skulen. Vi må snakke med begge elevane frå Irak.
- kake Kven har ete opp alle/begge kakene?
- boss Kvar torsdag må vi rydde vekk alt bosset.
- flyavgang På grunn av dårleg vêr er alle flyavgangar kansellerte.

22

Set inn *heil, heilt* og *heile*.

- Barna masar heile tida om å få kjøpe godteri.
- Heile byen hadde møtt fram for å sjå kronprinsparet.
- Muhammed måtte vente eit heilt år før han fekk svar på søknaden om asyl.
- Eg kjem ikkje på skulen i morgon. Eg blir borte heile dagen.
- Luisa planlegg å ta fri eit heilt år for å reise rundt heile jorda.
- Leo åt opp ei heil kake aleine.
- Carmen såg ein heil flokk med sauer.

23

Set inn *all, alt, alle* eller *heil, heilt, heile*.

- Skal du arbeide heile sommaren? Nei, men eg skal arbeide alle dagane i juli.

Sjå på all snøen ute! Det snør heile tida. Eg har måka snø ein heil time, men eg må nok bruke heile dagen, ja, kanskje eit heilt døgn!

Dei sat oppe heile natta og diskuterte alle problema sine.

Leo har ete alle druene på skåla. Han har også ete opp heile brødet i brødboksen, han har drukke opp all jusen i kjøleskapet og heile mjølkekartongen. Det er snart heilt tomt i kjøleskapet.

No har eg lese eit heilt kapittel, og eg håper heile boka er like spennande. Eg har lese alt denne forfattaren har skrive før. På biblioteket har dei alle bøkene hans.

Når du er ferdig med heile denne oppgåva, må du gjere alle dei andre oppgåvene i kapitlet.

24

Set inn *alle, ingen, mange, få* eller *nokon*.

Det er skuleplikt for alle under 16 år i Noreg.

Er det nokon som ikkje har plikt til å gå på skule?

Nei, ingen kan late vere å møte på skulen.

Er det nokon som kan få velje om dei vil vere med på turen?

Nei, det er anten alle eller ingen.

Kjem det mange eller få på festen i kveld?

Vi må finne nokon som kan hjelpe oss!

Kan ikkje alle/nokon det?

Nei, det er ingen her i bygda som kan dette.

I dag var mange borte frå klassa. Dei var sjuke.

25

Set inn mengdeordet *ein*.

Skal ein alltid kome presist til ein avtale? Ja, ein må alltid kome presist til avtalar på offentlege kontor og hos lege og tannlege. Men når ein har ein avtale med vener, må ein ikkje vere like presis. Om ein gløymer avtalen hjå legen, kva skjer då? Då må ein

kanskje betale for ein legetime som ein ikkje har hatt. Ein vil nok ikkje gløyme timen neste gong!

26

Set inn rett form av *eigen*.

Arne har sitt eige firma. Han har eige kontor, eiga datamaskin og sin eigen firmabil.

Luisa og Leo måtte dele rom før, men no har dei fått eigne rom. Det er godt å ha sitt eige rom, synest Luisa. Ho kunne tenkje seg å få si eiga leilegheit snart.

Dei første månadene i Noreg leigde familien ei stor leilegheit, men no har dei fått sitt eige hus.

VERB

1

Strek under verba i teksta.

Familien står opp klokka sju. Luisa bruker lang tid på badet. Først dusjar ho og vaskar håret. Så tørkar ho seg, føner håret og sminkar seg. Leo må alltid vente. Klokka åtte et dei frukost. Leo og Luisa dekkjer bordet. Far skjer opp brødet medan mor lagar kaffi og koker egg. Til frukost drikk dei kaffi og et grovbrød med brunost. Klokka halv ni tek alle på seg ytterklede. Leo og Luisa spring for å rekke bussen. Mor køyrer bil, og far syklar til jobben.

2

Sjå oppgåve 1. Kva heiter verba i infinitiv?

å stå opp, å bruke, å dusje, å vaske, å tørke, å føne, å sminke, å måtte, å vente, å ete, å dekkje, å skjere, å lage, å koke, å drikke, å ta på, å springe, å rekke, å køyre, å sykle

3

Vel mellom desse verba i infinitiv, med eller utan å: ete, kome, kjøpe, lage, reise, lære, stå opp, vere, begynne.

Eg bruker mykje pengar på å kjøpe gåver før jul.

Arne skal begynne på spanskurs i neste veke.

Carmen kunne ikkje kome i kveld for ho var sjuk.

Irina bruker å reise til Russland ein gong i året.

Leo har planlagt å stå opp tidleg i morgon.

Kan du ikkje vere her ei stund til?

Luisa skal ete middag kl. 17.00.

Han liker å lage god mat.

Carmen prøver å lære norsk.

4

Set verba i infinitiv og plasser dei i rett gruppe: hoppar, greier, kastar, besøkjer, snakkar, lever, reiser, helser, sykklar, svarer, dansar, bruker, håper, rettar, takkar, arbeider, tenkjer, sender, prøver, byggjer, reknar, teiknar, studerer, ønskjer, røykjer, møter, tørkar, målar, startar, pakkar, kjøper, ryddar, sparkar, underviser, vaskar, smaker, baker, lagar, hjelper, liker, speler, kviler, ventar, bankar, drøymmer, trenar.

a-verb: å hoppe, å kaste, å snakke, å helse (både a- og e-verb), å sykle, å svare (både a- og e-verb), å danse, å bruke, å håpe (både a- og e-verb), å rette, å takke, å prøve (både a- og e-verb), å rekne, å teikne, å tørke, å måle, å starte, å pakke, å rydde, å sparke, å vaske, å smake (både a- og e-verb), å bake (både a- og e-verb), å lage, å like (både a- og e-verb), å spele (både a- og e-verb), å vente, å banke, å trene

e-verb: å greie, å besøkje, å leve, å reise, å arbeide, å tenkje, å sende, å prøve, å byggje, å studere, å ønskje, å røykje, å møte, å kjøpe, å undervise, å hjelpe, å kvile, å drøyme

5

Set inn verb i presens.

å hoppe Barna på skulen hoppar tau i friminuttet.

| | |
|-------------|--|
| å tørke | Eg <u>tørkar</u> meg med handduken. |
| å kvile | Bestefar <u>kviler</u> på sofaen kvar dag. |
| å reise | I morgon <u>reiser</u> vi til Cuba. |
| å takke | I Noreg <u>takkar</u> ein for maten. |
| å banke | Kven er det som <u>bankar</u> på døra? |
| å vente | Mor <u>ventar</u> på at eg skal kome heim. |
| å prøve | Leo <u>prøver</u> å få tid til å trene kvar dag. |
| å kjøpe | Han <u>kjøper</u> ris, kylling og grønsaker på butikken. |
| å røykje | Dei <u>røykjer</u> i pausane. |
| å vaske | Kvar laurdag <u>vaskar</u> Leo og Luisa romma sine. |
| å tenkje | Eg <u>tenkjer</u> på deg kvar dag! |
| å svare | Leo <u>svarar /svarer</u> på spørsmåla frå læraren. |
| å undervise | Ho <u>underviser</u> i norsk og engelsk. |

6

Set inn presensforma av kortverba og j-verba.

| | |
|------------|---|
| å spørje | Carmen <u>spør</u> læraren om bøyning av verb. |
| å tru | <u>Trur</u> du det blir fint vêr i morgon? |
| å symje | Kvar onsdag <u>sym</u> Luisa 1000 meter i symjebassenget. |
| å selje | I basaren i Istanbul <u>sel</u> dei mange spennande ting. |
| å ro | Per <u>ror</u> båten medan far set ut garnet. |
| å velje | Foreldra <u>vel</u> Carmen til klassekontakt. |
| å gro | Såret på beinet til Leo <u>gror</u> ikkje godt. |
| å fortelje | Kvar kveld <u>fortel</u> foreldra eventyr til barna sine. |
| å telje | Han <u>tel</u> til ti på spansk. |
| å skilje | På nynorsk <u>skil</u> ein mellom a-verb og e-verb. |
| å krevje | Læraren <u>krev</u> at alle kjøper ordbøker. |
| å nå | Viss vi skundar oss, <u>når</u> vi kanskje bussen! |
| å blø | Såret på beinet hans <u>blør</u> . |
| å bu | Vi <u>bur</u> i eit koseleg hus. |
| å setje | Luisa <u>set</u> seg i den gode stolen. |

7

Set inn presensforma av dei sterke verba.

| | |
|----------|--|
| å bite | Hunden <u>bit</u> postmannen i beinet. |
| å vinne | Arne <u>vinn</u> kvar gong han og Leo speler kort. |
| å fare | Skund deg! Eg <u>fer</u> om ei lita stund. |
| å ete | Vi <u>et</u> middag kl. 17.00 kvar dag. |
| å lese | Luisa <u>les</u> nokre sider i boka si kvar kveld. |
| å vekse | Håret <u>veks</u> nokre centimeter i månaden. |
| å bere | Kvar dag <u>ber</u> eg handlevarene heim. |
| å bryte | Han <u>bryt</u> litt av brødet og gir til fuglane. |
| å ta | Carmen og Ali <u>tek</u> kvarandre i handa og helser. |
| å drepe | Prinsen <u>drep</u> ofte trollet i folkeeventyra. |
| å skine | Midnattssola <u>skin</u> heile natta. |
| å ligge | Klokka er elleve og Leo <u>ligg</u> framleis i senga. |
| å sitje | I klasserommet <u>sit</u> Luisa ved sidan av veninna si. |
| å skrive | Dei <u>skriv</u> tekster på norsk kva veke. |
| å vinne | Arne <u>vinn</u> aldri i Lotto. |
| å gi | Leo <u>gir</u> Carmen ein stor klem. |

8

Er dette noko som skjer *no*, *vanlegvis*, *alltid* eller *i framtida*? Sjå eksempelet under.

No sit Luisa på skulen.

I dag **er** det måndag.

Luisa **står** opp.

Ho **står** opp klokka sju kvar morgon.

Ho **står** alltid opp før klokka sju.

Ho **står** opp klokka sju i dag også.

I morgon **står** ho også opp klokka sju.

noko som skjer no

noko som skjer no

noko som skjer no

noko som skjer vanlegvis

noko som skjer alltid

noko som skjer no

noko som skjer i framtida

11

Set inn verb i preteritum. Bruk regelen for å finne ut om endinga er -te eller -de.

- å møte Eg møtte kona mi for ti år sidan.
å leige Vinteren 1996 leigde vi eit lite hus i Spania.
å kjøpe I går kjøpte Leo tre sjokoladar.
å hjelpe Luisa hjelpte Leo med leksene i går.
å lære På tyskkurset lærte vi mykje grammatikk.
å leve Han levde eit godt liv.
å tene Han tente ein million kroner i fjor.
å arbeide Då Carmen budde i heimlandet, arbeidde ho mykje.
å treffe I fjor sommar truffte eg alle venene mine igjen.

12

Set inn preteritum av kortverba og j-verba.

- å spørje Carmen spurde læraren om bøyning av verb.
å tru Eg trudde han kom frå Cuba.
å symje På onsdag sumde Luisa 1000 meter i symjebassenget.
å selje I basaren i Istanbul selde dei mange spennande ting.
å ro Per rodde båten medan far sette ut garnet.
å velje Foreldra valde Carmen til klassekontakt.
å gro Såret på beinet til Leo grodde ikkje godt.
å fortelje Kvar kveld fortalde foreldra eventyr til barna sine.
å telje Han talde til ti på spansk.
å skilje Foreldra til Kari og Per skilde seg i fjor.

13

Set inn dei sterke verba i preteritum.

- å bite Hunden beit postmannen i beinet.
å finne Eg fann ringen eg hadde mist.
å ete Vi åt middag kl. 17.00 i går.
å lese Eg las nokre sider i boka mi i går kveld.
å vekse Leo voks ti centimeter i fjor.
å bere På laurdag bar eg varene heim frå butikken.

å bryte Du braut lovnaden om å halde det hemmeleg.

14

Set inn passande verb: skaut, tok, skreiv, for, gjekk, kom, gav, sat, fekk, såg.

Ali skreiv namnet sitt med arabiske teikn.

Han gjekk på trening for ein time sidan.

Han skaut tre gonger før han treffe blink.

Fatima tok trikken til byen.

Læraren gav dei muslimske elevane fri for å feire id.

Han køyrde for fort og fekk ei stor bot.

Arne gjekk ein lang fjelltur på søndag

Såg du filmen på TV2 i går kveld?

Han sat på med meg i bilen min.

Kvifor kom ikkje Luisa på festen?

16

Gjer teksta om til preteritum. Kva likte Leo å gjere før?

Leo liker å spele fotball. Han drøymmer om å spele på A-laget. Tre gonger i veka trenar han. I helgane speler han kampar. Leo bruker mykje av fritida si på fotball. Ofte har han ikkje tid til å vere saman med venene sine. Dei seier at han bruker for mykje tid på fotballen.

Før likte Leo å spele fotball. Han drøymde om å spele på A-laget. Tre gonger i veka trena han. I helgane spelte han kampar. Leo brukte mykje av fritida si på fotball. Ofte hadde han ikkje tid til å vere saman med venene sine. Dei sa at han brukte for mykje tid på fotballen.

17

Svar med same verb i preteritum.

Røykjer du? Nei, men eg røykte då eg var ung.

Vil du ha noko å ete? Nei takk, eg åt for ein time sidan.

Kjem Carmen snart? Ho gjekk nettopp inn døra.

Trenar du mykje? Nei, men før trena eg mykje.

Ser du mykje på TV. Nei, men under fotball-VM såg eg mykje på TV.

Handlar du i byen? Nei, men før handla eg alltid i byen.

Gjer du alltid leksene dine? Ikkje alltid. Men før gjorde eg alltid leksene.
Kan du stå på hendene? Ikkje no, men før kunne eg stå på hendene.

18

Lag setningar med tidsuttrykka under. Skal verba stå i presens eller preteritum?

I går _____ (preteritum)
Av og til _____ (presens)
I fjor _____ (preteritum)
I helgane _____ (presens)
Om ein time _____ (presens)
Klokka halv sju _____ (presens)
Kvar onsdag _____ (presens)
Då _____ (preteritum)
For tre år sidan _____ (preteritum)
Om sommaren _____ (presens)

20

Set inn perfektum partisipp av a- og e-verba.

å hoppe Leo har hoppa på trampoline i heile dag.
å tørke Carmen hadde tørka støv i heile huset.
å kvile Farfar har kvilt seg lenge no.
å reise Arne har reist jorda rundt.
å takke Leo hadde takka for maten før han gjekk.
å banke No har eg banka på døra i fem minutt!
å vente Eg har venta på ferja i ein time.
å prøve Yuri hadde prøvd /prøvt å finne lykka i Noreg.
å snakke Kven har du snakka med i dag?
å arbeide Carmen hadde arbeidt/arbeidd som lege i mange år før ho kom til Noreg.

21

Kva er perfektum partisipp-forma av desse kortverba og j-verba?


å spørje Carmen har spurt læraren om hjelp.
å leggje Alle barna hadde lagt seg før klokka ti.

| | |
|------------|---|
| å tru | Eg hadde aldri <u>tru</u> dd/trutt at eg skulle klare eksamen. |
| å symje | I dag har Leo <u>sumt</u> 1000 meter. |
| å selje | Ekspeditøren har <u>selt</u> mange nyttårsrakettar. |
| å ro | Han har <u>rodd/rott</u> frå Noreg til England. |
| å velje | Har Arne <u>valt</u> rett? |
| å gro | Graset har <u>grodd/grott</u> så lite i sommar. |
| å fortelje | Ho har <u>fortalt</u> alt til venene sine. |
| å setje | Carmen hadde allereie <u>sett</u> seg til bords. |
| å krevje | Læraren har <u>kravd/kravt</u> at alle kjøpte ordbøker. |
| å nå | Hadde dei berre gått eit minutt før, hadde dei <u>nådd/nått</u> bussen. |
| å blø | Såret på beinet hans hadde <u>blødd/blødt</u> mykje. |
| å bu | På Cuba har dei <u>budd/butt</u> i eit koseleg hus no i ferien. |
| å setje | Luisa hadde <u>sett</u> seg i den gode stolen då Leo kom. |

22

Kryssord: Set inn partisippformer

| | |
|----------|------------|
| å skrive | har skrive |
| å skyte | har skote |
| å finne | har funne |
| å bere | har bore |
| å ta | har teke |
| å skine | har skine |



Løysingsord: **sterke verb**

23

Set inn verb som passar. Vel mellom verba ovanfor.

Arne har hatt høg feber og har vore heime frå jobb i mange dagar. Han har ikkje gjort mykje desse dagane. Sjefen har sagt at han må ta det med ro.

Veit du kven som eig desse bøkene? Nei, det veit eg ikkje. Men spør læraren. Han veit det sikkert.

24

Set inn rett form av å vere eller å ha.

Fatima er 40 år.

Luisa hadde høg feber sist veke.

Det var fint vêr i går.

Carmen har god utdanning.

Leo er glad i å spele fotball.

Farfar var gammal då han døydde.

25

Set inn rette former av å bli.

Leo kjem til å bli overraska!

Leo blir nok overraska når han kjem heim i morgon.

Leo blei/vart nok overraska då han kom heim i går.

Leo har blitt/vorte overraska mange gonger.

26

Svar i presens perfektum.

Når skal du gjere leksene? Eg har gjort leksene.

Når skal du treffe Luisa? Eg har treft Luisa.

Skal de arbeide med leksene? Vi har arbeidt med leksene.

Skal dei ete middag? Dei har ete middag.

Kan du vinne? Eg har vunne.

Når skal han skrive stilen? Han har skrive stilen.

Når skal ho snakke med legen? Ho har snakka med legen.

Skal du hjelpe dei? Eg har hjelpt dei.

27

Lag setningar med eg og presens perfektum av verba til venstre.

å lese No har eg lese ferdig boka.

- å bu No har eg budd/butt her i to år.
å arbeide I ni år har eg arbeidt/ arbeidd i det same firmaet.
å måle No har eg måla huset gult.
å kjøpe Endeleg har eg kjøpt ny bil.
å bake I dag har eg baka/bakt mange kaker.
å springe I dag har eg sprunge ei mil.

29

Preteritum eller presens perfektum?

- å bu Eg har budd/butt i London. Eg budde der i 1997.
å kjøpe Eg har kjøpt meg ny jakke. Eg kjøpte ho på Cubus i går.
å sjå Leo har sett kongen. Han såg han på 17. mai.
å arbeide Kari har arbeidt/ arbeidd her i mange månader.
å kome Luisa kom til Noreg på torsdag.
å lese Eg har lese ferdig boka. Eg las ho i sommar.
å ete Barna har ete middag hos besteforeldra i dag. Dei åt der i går også.
å starte Skuletimen har starta. Han starta for fem minutt sidan.
å skrive Leo har skrive kort til mormor. Han skreiv det i går.
å levere Eg har levert mange tekster på norsk. Eg leverte ei tekst sist veke.
å lære Vi har lært om perfektum denne veka. Sist veke lærte vi om preteritum.

30

Set inn modale verb. Her er det fleire alternativ.

- Pablo kan/vil/må ikkje skrive norsk. Men Irina kan/vil/må skrive litt norsk.
Eg skal/vil ikkje vere heime i ferien. Eg skal/vil reise til heimlandet mitt.
Leo vil ikkje ha fisk til middag. Han vil ha pizza.
Du må ikkje kome for seint! Du må vere presis!
Viss du skal/vil bu i Noreg, bør/må du lære norsk.
Han skal reise til Oslo i kveld. Han kan/må/skal/vil ta nattbussen kl. 22.00.
Leo bør/kan ikkje sjå denne filmen. Han er ikkje gammal nok. Men Luisa kan sjå han.
Per er berre tre år. Han kan ikkje lese. Han vil at mora skal lese for han.
Carmen kan ikkje kome på norskkurs i dag. Ho skal på sjukehus med sonen sin.
Du kan/må ikkje køyre på raudt lys! Då kan/vil du få bot.

Arne skal/vil lære spansk. Han skal/vil melde seg på eit spansk kurs.

31

Set inn modale verb i folkeeventyret under.

Kven skal bake, og kven vil smake?

Ein katt, ei mus og ei høne bur saman. Ein dag seier høna:

Vi har ikkje meir mat i huset. No må vi bake.

Ja, det må vi, seier katten.

Ja, det må vi, seier musa.

Kven skal gå etter mjøl? spør høna.

Ikkje eg, seier katten.

Ikkje eg, seier musa.

Då må eg gå, seier høna.

Høna kjem tilbake med mjøl.

Kven skal bake? spør høna.

Ikkje eg, seier katten.

Ikkje eg, seier musa.

Då må eg gjere det, seier høna, og så lagar ho ei kake og steikjer henne.

Kaka er ferdig og ligg på bordet.

Kven vil ete kaka? spør høna.

Det vil eg, seier katten.

Det vil eg, seier musa.

Nei, det vil eg! seier høna, og så et ho opp heile kaka.

32

Set inn rett verbform.

å lese Carmen les aviser kvar dag. Ho kan lese mykje norsk no. Ho prøver å lese
ei norsk avis kvar dag.

å snakke Carmen kan snakke spansk og engelsk. Ho prøver ofte å snakke norsk. Ho går på norskkurs kvar dag. I pausane snakkar ho norsk med dei andre elevane.

å sove Barna prøver å sove. Foreldra seier at dei må sove. Men barna klarer ikkje å sove. Det er så mykje bråk ute. Vanlegvis sølv dei frå klokka åtte til klokka sju. Foreldra håper dei vil sove lenge i morgon.

35

Bruk *kjem til å* saman med verb i infinitiv. Vel mellom desse verba: å bli, å trivast, å sakne, å føle seg, å like seg, å gå

Eg trur norsktesten kjem til å bli vanskeleg.

Dei kjem til å sakne venene sine.

Han kjem til å like seg på festen.

Dette kjem til å gå bra!

Ho kjem til å trivast her i Ålesund.

Dei kjem til å føle seg einsame når barna flyttar ut.

36

Set inn rett form av verba.

ete – gå Etter at vi hadde ete, gjekk vi på kino.

gjere – få Etter at barna hadde gjort leksene, fekk dei lov til å gå ut og leike.

gå – kome Dei hadde gått då vi kom på festen.

reise – reise Då Luisa reiste til Cuba, hadde Carmen allereie reist heim.

pakke – dra Etter at vi hadde pakka, drog vi på stranda.

selje – kjøpe Då dei hadde selt bilen, kjøpte dei sykklar.

37

Set inn modalverb: *skulle, vilje, kunne, burde, måtte*

Eg treffe Kari i går. Ho skulle gå på kino, og spurde om eg ville vere med.

Då eg kom, skulle Kari til å gå. Ho ville heim.

Carmen og Arne fortalde at dei skulle gifte seg i påska.

Legen sa at ho måtte slutte å røykje.

Luisa visste at ho burde trene meir for å kome i form.

Leo fortalde at han kunne snakke litt norsk no.

38

Bruk imperativ i staden for modalverb.

| | |
|----------------------------------|----------------------------------|
| Du må ete opp maten din. | <u>Et</u> opp maten din. |
| Kan du lese høgt? | <u>Les</u> høgt! |
| Du må passe deg for bilane. | <u>Pass deg</u> for bilane! |
| Du må setje inn imperativform. | <u>Set</u> inn imperativform! |
| De må vere stille. | <u>Ver</u> stille! |
| Kan du skrive på tavla? | <u>Skriv</u> på tavla! |
| Du må skjere opp grønsakene. | <u>Skjer</u> opp grønsakene! |
| Du må piske fløyten til krem. | <u>Pisk</u> fløyten! |
| Du må ikkje gløyme lommeboka di. | Ikkje <u>gløym</u> lommeboka di! |
| Du må ikkje røykje her. | Ikkje <u>røyk</u> her! |
| Du må ikkje parkere her. | Ikkje <u>parker</u> her! |

39

Gjer om til presens passiv. Sjå eksempelet under:

| Aktiv: | Passiv: |
|---|---|
| Arne ryddar det rotete loftet. | Loftet <u>blir rydda</u> . |
| Luisa slår plenen. | Plenen <u>blir slått</u> . |
| Leo sparkar ballen over gjerdet. | Ballen <u>blir sparka</u> over gjerdet. |
| Bilmekanikaren reparerer bilen deira. | Bilen deira <u>blir reparert</u> . |
| Alle i familien vaskar huset til helga. | Huset <u>blir vaska</u> til helga. |
| Han har kjøpt bilen. | Bilen <u>blir kjøpt</u> . |

40

Gjer om frå aktiv til passiv form preteritum. Sjå eksempelet under.

| Aktiv: | Passiv: |
|---------------------------------|---|
| Arne rydda det rotete loftet. | Loftet <u>vart rydda</u> . |
| Luisa slo plenen. | Plenen <u>vart slått</u> . |
| Leo sparka ballen over gjerdet. | Ballen <u>vart sparka</u> over gjerdet. |

Bilmekanikaren reparerte bilen deira. Bilen deira var reparert.
Alle i familien vaska huset til helga. Huset var vaska til helga.
Han kjøpte bilen. Bilen var kjøpt.

41

Gjer om frå aktiv til passiv form presens perfektum. Sjå eksempelet under.

| Aktiv: | Passiv: |
|--|---------------------------------------|
| Arne har rydda det rotete loftet. | Loftet <u>er rydda</u> . |
| Luisa har slått plenen. | Plenen <u>er slått</u> . |
| Leo har sparka ballen over gjerdet. | Ballen <u>er sparka</u> over gjerdet. |
| Bilmekanikaren har reparert bilen deira. | Bilen deira <u>er reparert</u> . |
| Læraren har undervist barna i matte. | Barna <u>er underviste</u> i matte. |
| Alle i familien har vaska huset til helga. | Huset <u>er vaska</u> til helga. |
| Han har kjøpt bilen. | Bilen <u>er kjøpt</u> . |

42

Gjer om frå aktiv til passiv form preteritum perfektum. Sjå eksempelet under.

| Aktiv: | Passiv: |
|--|--|
| Arne hadde rydda det rotete loftet. | Loftet <u>var rydda</u> . |
| Luisa hadde slått plenen. | Plenen <u>var slått</u> . |
| Leo hadde sparka ballen over gjerdet. | Ballen <u>var sparka</u> over gjerdet. |
| Bilmekanikaren hadde reparert bilen deira. | Bilen deira <u>var reparert</u> . |
| Alle i familien hadde vaska huset til helga. | Huset <u>var vaska</u> til helga. |
| Han hadde kjøpt bilen. | Bilen <u>var kjøpt</u> . |

43

Set inn rett form av verba.

å møtast I går ettermiddag møttest Arne og Carmen på den kinesiske restauranten.
Dei møttest ofte på denne restauranten.

å slåst Luisa og Leo slo om kven som skulle slå plenen sist veke.
Det er typisk at dei slåst om slikt!

å finnast Det finst ikkje mange innvandrara frå Cuba i bygda vår.

Kvifor fanst det så få menneske frå andre land her for femti år sidan?

å høyrast Så flinke de var å spele i går! Det høyrdest fint ut.
Slutt å rope så høgt! Det høyrest heilt til naboane.

å synast Luisa syntest norsk var vanskeleg den første tida i Noreg, men no synest
ho at norsk er eit enkelt språk.

44

Set inn å *synast* eller å *tru* i rett form.

Arne trudde det var vanskeleg å danse salsa før han lærte det på Cuba, men no synest han det er nokså lett.

Trur du det blir ein varm sommar? Ja, det trur eg. Eg synest det er varmt allereie.

Kven trur du vinn skirennenet? Eg trur Leo vinn. Eg synest han har vorte så flink til å gå på ski.

Kva for ein film trur du er best, den norske eller den amerikanske? Eg synest den norske er best, for eg har allereie sett begge filmane.

Trur du det vil regne i morgon? Eg veit ikkje, men eg synest det har regna altfor mykje her i haust.

Kva synest du om maten vi fekk? Maten var god, synest eg, men eg trur han hadde vorte betre med meir krydder.

45

Set inn partisippforma.

å fange Kråka vart fanga. Reven vart fanga i ei felle. Reinsdyra vart fanga med lasso.

- å kjøpe Huset vart kjøpt av ein barnefamilie. Leilegheita vart kjøpt av eit ektepar. Hybelen vart kjøpt av meg. Alle husa vart kjøpte.
- å kjenne Elvis Presley var ein kjend songar. Songane hans er kjende over heile verda. Huset hans, Graceland, er eit kjent turistmål.
- å nå Måla for undervisinga er nådde. Målet for skriftleg norsk er nådd, og målet for munnleg norsk er nådd.
- å skrive Boka er skrivn av Ibsen. Brevet er skrive med små bokstavar. Tekstane er skrivne av elevane.

ADVERB

1

Set inn adverb med motsett tyding.

| | |
|----------------------|--|
| Luisa skriv pent. | Leo skriv <u>stygt</u> . |
| Maten luktar godt. | Søpla luktar <u>dårleg/vondt</u> . |
| Han spurde høfleg. | Ho svarte <u>uhøfleg</u> . |
| Leo gjekk seint. | Luisa gjekk <u>fort</u> . |
| Jentene speler godt. | Gutane speler <u>dårleg</u> . |
| Arne snakkar høgt. | Carmen snakkar <u>lågt</u> . |
| Kaka smaker nydeleg. | Dette smaker <u>dårleg/stygt/vondt</u> . |
| Jenta svarer sint. | Guten svarer <u>blidt</u> . |

3

Set inn adjektiv eller adverb.

| | |
|----------|---|
| fin/fint | Carmen er ei <u>fin</u> dame. Ho har alltid på seg <u>fine</u> klede og eit <u>fint</u> sjal. Ho syng <u>fint</u> også. |
|----------|---|

| | |
|-------------------|--|
| god/godt | Ostekaka du har laga, er <u>god</u> . Sjokoladekaka smaker også <u>godt</u> . Alle kakene smaker <u>godt</u> . |
| pen/pent | Carmen ser ein <u>pen</u> kjole i butikken. Arne synest også ho er <u>pen</u> . Carmen liker å kle seg <u>pent</u> . |
| hyggeleg/hyggeleg | Naboane våre er <u>hyggelege</u> . Det er <u>hyggeleg</u> å besøkje dei. Ungdomane oppfører seg <u>hyggeleg</u> mot dei gamle. |
| morosam/morosamt | Leo skriv <u>morosamt</u> . Carmen og Arne ler av den <u>morosame</u> forteljinga. Leo er ein <u>morosam</u> gut. |

5

Set inn adverb som passar. Vel mellom *først, deretter, etterpå, no, før, då*.

No skal vi ete pizza. Deretter skal vi på kino.

Før arbeidde Carmen som lege. No går ho på norskkurs.

Først skal eg ta førarkortet. Etterpå skal eg kjøpe bil.

Før budde eg i Ghana. No bur eg på Sandane.

I går kom familien min på besøk. Då vart eg glad.

6

Set inn rett adverb.

hit/her Carmen og Arne har ikkje vore her på lenge. Derfor har eg invitert dei hit i kveld.

ut/ute Skal vi gå ut? Nei, det er så kaldt ute.

inn/inne Leo går inn. No vil han vere inne resten av kvelden.

heim/heime Skal vi gå heim til Luisa og sjå film? Nei, det kan vi ikkje. Luisa er ikkje heime. Ho kjem ikkje heim før om ein time.

bort/borte Eg stikk bort til naboen ein tur, men eg blir ikkje lenge borte.

opp/oppe Det heng mange plommer høgt oppe i treet. Kan du klatre opp og plukke nokre til meg?

dit/der Eg skal til London. Eg skal reise dit i morgon og skal vere der i to veker. Eg skal sjå ein musikal når eg er der.

vekk/vekke Ho reiste vekk i går, og ho blir vekke i to månader.

7

Vel mellom gradsadverba *ikkje så, altfor, litt, nokså, ganske, veldig*.

Han snakkar ganske godt norsk.

Denne grammatikkoppgåva er ikkje så vanskeleg.

Læraren snakkar litt langsamt.

Det er altfor kaldt i Noreg.

Å hoppe på trampoline er veldig gøy.

Leo er ein nokså flink fotballspelar.

Dette er altfor kjedeleg.

Eg kjenner naboen min ganske godt.

Han synest filmen var nokså bra.

8

Set inn *mykje, litt, enda, veldig*.

Han er litt eldre enn broren.

Skal du klare norskprøven, må du øve mykje meir på uttalen.

Det er veldig varmt i dag. Det var enda varmare i går.

Eg liker veldig godt å trene. Men eg liker enda betre å gå på tur.

Leo synest at fotball er litt gøy.

Men å spele data er mykje artigare.

9

Set inn *dessverre* i desse setningane.

Eg kan ikkje kome.

Eg kan dessverre ikkje kome.

Det var ei dårleg nyheit.

Det var dessverre ei dårleg nyheit.

Irina fekk dårleg resultat på prøva.

Irina fekk dessverre dårleg resultat på prøva.

Eg har ikkje gjort heimearbeidet.

Eg har dessverre ikkje gjort heimearbeidet.

Vi må avlyse båtturen.

Vi må dessverre avlyse båtturen.

Ali har ikkje fått opphaldsløyve.

Ali har dessverre ikkje fått opphaldsløyve.

10

Gjer desse setningane nektande ved å setje inn *ikkje*.

Eg liker brunost.

Eg liker ikkje brunost.

Det snør no.

Det snør ikkje no.

Fatima har fått jobb.

Fatima har ikkje fått jobb.

Per kan snakke russisk.

Per kan ikkje snakke russisk.

Eg kan kome i morgon.

Eg kan ikkje kome i morgon.

Luisa kan hjelpe Leo.

Luisa kan ikkje hjelpe Leo.

Du må snakke med sjefen.

Du må ikkje snakke med sjefen.

Arne liker å gå på fjelltur.

Arne liker ikkje å gå på fjelltur.

Leo er alltid glad.

Leo er ikkje alltid glad.

Carmen hadde god tid.

Carmen hadde ikkje god tid.

11

Set inn setningsadverba *sikkert ikkje*, *visst*, *neppe*, *kanskje*, *sikkert*.

Sonen til Fatima skal visst gifte seg i sommar. Det fortalde nokon meg i går.

Leo kjem sikkert snart. Eg såg han gjennom vindauget.

Arne var sjuk i går, så han kjem sikkert ikkje på jobb i dag.

Vi skal kanskje reise til Teheran. Eg håper det blir mogleg.

Eg har mykje å gjere i kveld. Så eg kjem neppe på festen.

12

Set adverba til venstre inn i rett form.

mykje Carmen arbeider mykje. Arne arbeider meir enn Carmen. Arne er den som arbeider mest i familien.

- godt Vassmelon smaker godt. Vassmelon som er kjøpt i Thailand, smaker mykje betre enn melon som er kjøpt i Noreg. Den beste vassmelonene finn du i Thailand.
- gjærne Carmen vil gjærne ha ein kopp te. Arne vil heller ha kaffi enn te. Leo og Luisa vil helst ha brus.
- vond Osten smaker vondt. Den andre osten smaker enda verre. Dette er det verste eg har smakt.

14

Set inn *lang/langt/lenge* i rett form.

No er det ikkje lenge igjen til sommarferien.

Kor lenge skal de vere på ferie? Vi skal vere på ferie i to veker.

Tida verkar lang når ein er vekke så lenge.

Dagane er lange når ein ikkje har jobb.

Kor langt gjekk du? Eg gjekk fem kilometer i går.

Kor lenge går barna i barneskulen? Barna går sju år i barneskulen.

Har ho langt hår? Ja, det har ho.

Tek det lang tid å bli ferdig? Nei, det er berre éin time igjen.

PREPOSISJONAR

1

Set inn passende preposisjonar. Sjå biletet på førre side. Nokre må du kanskje bruke fleire gonger.

Luisa går på skule i Ålesund. Skulen ligg midt i byen. Klasserommet ligg i tredje etasje i den vidaregåande skulen. På døra står det klasse 2B. I klasserommet er det 28 elevar. Luisa sit som nummer to på rekkja si. Bak/framfor henne sit Eli, og framfor/bak henne sit Per. Til venstre for Luisa sit Anne, veninna hennar. Det er trongt mellom pultane deira. Det heng ei tavle på veggen, under vindaugget er det ein omn, og over vindaugget heng

eit bilete. I taket ser vi tre lampar. På golvet står det mange sekkar og vesker. Det er mange bøker i veskene og sekkane. Bak kateteret sit læraren og skriv i ei bok.

3

Set inn i eller på.

Har du vore på Vestlandet, i Nord-Noreg, på Sørlandet eller på Austlandet?

Vil du bu i Noreg, på Cuba, i England, i Somalia, i Tyrkia, på Madagaskar, på Island, i USA, i Iran, på Filippinane, i Thailand, i Bosnia eller på Sri Lanka?

Vil du arbeide på eit sjukehus, på eit kontor, i ein bank, på ein skule, på eit hotell, i ein barnehage, i eit verft eller i/på ein butikk?

4

Set inn i eller på.

Leo går i femte klasse på barneskulen. Luisa går i andre klasse på den vidaregåande skulen. Før budde dei på Cuba i ein by, men no bur dei i Noreg på landsbygda. I gata der dei bur, er det åtte hus. I husa bur det menneske frå fleire land. I huset til Leo og Luisa bur det fire personar, ein katt og ein hund. Hunden ligg på golvet i stova og søv medan katten ligg i ein lenestol. Dei reiser ofte på tur i/på fjellet, på stranda for å bade i sjøen, eller dei dreg til byen for å gå på kino.

I kveld skal dei ikkje på kino fordi dei skal på konsert. Søndagane går dei ofte i kyrkja eller rundt innsjøen. På innsjøen ser dei ofte fleire båtar. I båtane er det fleire familiar som fiskar.

5

Set inn *hjá(hos)* eller *til*.

I morgon skal Luisa til legen.

Ho har time hjá legen kl. 10.00.

Arne har planlagt ein tur til onkelen sin i Bergen.

Han skal overnatte hjá onkelen sin.

Carmen må fornye visumet. Då må ho til politiet.

På laurdag er vi invitert på middag til foreldra mine.

Mormor kjem til oss på søndag.

Luisa går til bakaren og kjøper nybakte brød.

Hjå bakaren er det alltid mykje godt.

Det er alltid koseleg å vere hjá deg.

Dei skal bu hjá oss medan dei er her.

Eg bruker å lese vekeblad når eg er hjá frisøren.

6

Lag svar der du vel mellom desse tidsuttrykka: *i ei veke, om ei veke, for ei veke sidan*

Når skal Luisa reise til Noreg?

Ho skal reise om ei veke.

Kor lenge skal Luisa vere her?

Ho skal vere her ei i ei veke.

Når kom Leo til Noreg?

Han kom til Noreg for ei veke sidan.

Når hadde du eksamen?

Eg hadde eksamen for ei veke sidan.

Kva tid skal du dra på ferie?

Eg skal dra på ferie om ei veke.

Budde Arne lenge på Cuba?

Han budde der i ei veke.

Kva tid kom han heim igjen?

Han kom heim for ei veke sidan.

Kor lenge varer festivalen?

Festivalen varer i ei veke.

Når begynner skulen etter ferien?

Skulen begynner om ei veke.

7

Set inn rett preposisjon.

Luisa skal begynne på den vidaregåande skulen i byen om ei veke. Ho har fått brev om at dei skal begynne på tysdag.

Arne kom til Cuba i påskeferien i 2005. Om eitt år vil han reise tilbake, men då reiser heile familien i vinterferien. Dei skal ha ferie i ei heil veke.

Leo gjer leksene etter at han har ete middag, men før han skal på fotballtrening. På fredagar, laurdagar og i feriar treng han ikkje tenkje på lekser.

Carmen kom frå arbeid for eit kvarter sidan. Om ein time skal ho på norskkurs. Ho skal gå på norskkurs i eitt år.

8

Set inn tidsuttrykka *i fjor, i, i dag, i morgon, eller i sommar*.

Vil du vere med på tur i dag? Nei, i dag har eg ikkje tid, men kan vi ikkje dra i morgon?

Luisa og Leo skal reise til Cuba i sommar. Carmen blir ikkje med sidan ho var der i fjor. Arne var der i 2005.

I dag har eg vore oppe altfor lenge! No legg eg meg. Og i morgon vil eg sove lenge, så ikkje vekk meg!

9

Set inn tidsuttrykk: *om sommaren, om vinteren, om morgonen* eller *om kvelden*

Luisa bruker å smørje niste om morgonen før ho går til skulen. Leo er seint oppe om morgonen så han smør matpakke om kvelden dagen før.

Kor varmt er det på Cuba om sommaren? Det kan bli 40 plussgrader, men om vinteren er det omtrent som om sommaren i Noreg. Om vinteren blir det tidleg mørkt i Noreg, men om sommaren er kveldane lyse.

10

Set inn tidsuttrykk med *på*.

Luisa har ikkje sett venene sine på Cuba på fleire månader. Ho har heller ikkje snakka med dei på mange veker.

Leo har vore sjuk, og han har ikkje vore på skulen på nokre dagar.

Arne køyrde frå Oslo til Ålesund på åtte timar.

På onsdag flaug Carmen frå Cuba til Paris.

Leo gjer leksene sine på ein time.

11

Set inn rett preposisjon.

Luisa liker seg i Noreg om sommaren, men ikkje om vinteren. Men i vinter skal ho lære seg å gå på ski. Kanskje greier ho å lære det på nokre veker?

Carmen er alltid trøyt om morgonen, men om kvelden liker ho å vere oppe lenge. I kveld må ho nok leggje seg tidleg. Ho skal nå eit fly som går tidleg i morgon.

På ein halv time var Leo ferdig med leksene sine i dag. Han gjer vanlegvis lekser om ettermiddagen, men i dag venta han til kvelden.

12

Set inn rett preposisjon.

Kva er namnet på den nest største byen på Cuba?

Sonen til Carmen heiter Leo, systera til Leo heiter Luisa, og mannen til Carmen heiter Arne.

Kva var namnet på faren til Luisa og Leo?

Kva var namnet på den familien som budde her før?

Eg liker ikkje fargen på denne jakka. Og så er prisen på jakka for høg!

Smaken på denne isen likte eg ikkje.

Bilen til Arne og Carmen er heilt ny og fin, men eg hugsar ikkje fargen på han.

Kan du uttale dette ordet for meg?

Han gav passet sitt til politiet.

Det er lett for meg å snakke engelsk.

Carmen har bakt ei kake til Leo.

Kva fekk du til/på bursdagen din?

Det er vanskeleg for henne å vere aleinemor med tre barn.

Arne lagar kaffi til Carmen.

Det er hyggeleg for Luisa å bli invitert i selskap.

13

Sett inn rett preposisjon.

Eg er einig med deg.

Har du lyst på noko å drikke?

Kva har du lyst til? Å gå på kino eller å gå ut?

Ho vart overraska over å møte henne.

Leo er for ung til å sjå denne filmen.

Har du tid til å hjelpe meg?

Er du interessert i politikk?

KONJUNKSJONAR

1

Bind saman ord og setningar med *og*.

Han har ei hytte. Han har ein båt.

Han har ei hytte og ein båt

Ho har ein katt. Han har ein hund.

Ho har ein katt, og han har ein hund.

Han liker å vere ute. Han går ofte på tur.

Han liker å vere ute og går ofte på tur.

Eg må kjøpe brød. Eg må kjøpe mjølk. Eg må kjøpe frukt.

Eg må kjøpe brød, mjølk og frukt.

Vi liker å gå på ski. Vi liker å gå på skøyter. Vi liker å ake.

Vi liker å gå på ski og på skøyter, og vi liker å ake.

Eg skal til Oslo på onsdag. Eg skal til Bergen på torsdag.

Eg skal til Oslo på onsdag og til Bergen på torsdag.

2

Set inn ein konjunksjon som passar.

Vil du ha kaffi eller te?

Kva for ein genser vil du ha? Den grønne eller den raude genseren?

Carmen liker ikkje vinteren i Noreg, men ho gler seg til våren.

Du eller eg må gå på butikken. Vi manglar brød.

Eg er lærar i fransk, men ikkje i engelsk og spansk.

3

Bruk *både* – *og* eller *verken* – *eller* til å binde saman setningane.

Luisa er frå Cuba. Leo er frå Cuba.

Både Luisa og Leo er frå Cuba.

Carmen liker ikkje å fly. Arne liker ikkje å fly.

Verken Carmen eller Arne liker å fly

Eg må kjøpe ei grammatikkbok. Eg må kjøpe ei nynorsk ordbok.

Eg må kjøpe både ei grammatikkbok og ei nynorsk ordbok.

Leo vil ikkje ta tran. Leo vil ikkje ta vitamin.

Leo vil verken ta tran eller vitamin.

Vi har ikkje katt. Vi har ikkje hund.

Vi har verken katt eller hund.

Han har hytte. Han har båt.

Han har både hytte og båt.

Ho liker ikkje regn. Ho liker ikkje snø.

Ho liker verken regn eller snø.

4

Bind saman setningane. Vel mellom konjunksjonane og eller *men*.

Leo et gjerne ris og kjøt. Han et ikkje fisk.

Leo et gjerne ris og kjøt, men han et ikkje fisk.

Carmen liker å danse. Ho dansar ofte med Arne.

Carmen liker å danse, og ho dansar ofte med Arne.

Arne liker å køyre bil. Han liker ikkje å fly.

Arne liker å køyre bil, men han liker ikkje å fly.

Dei trivst godt i Noreg. Dei synest det er dyrt å bu her.

Dei trivst godt i Noreg, men dei synest det er dyrt å bu her.

Ho liker sol og varme. Ho dreg ofte til Spania.

Ho liker sol og varme, og ho dreg ofte til Spania

Carmen vil gjerne ha fisk til middag. Det vil ikkje Leo.

Carmen vil gjerne ha fisk til middag, men det vil ikkje Leo.

5

Knyt saman setningane med *for* eller *så*.

Ho kjøper ein kald brus. Ho er tørst.

Ho kjøper ein kald brus, for ho er tørst.

Han er flink til å spele fotball. Han vart invitert til å vere med på laget.

Han er flink til å spele fotball, så han vart invitert til å vere med på laget.

Arne tek på seg regnklede. Han vil ikkje bli våt.

Arne tek på seg regnklede, for han vil ikkje bli våt.

Luisa vil ikkje bli våt. Ho tek på seg regnklede.

Luisa vil ikkje bli våt, så ho tek på seg regnklede.

Leo er ikkje redd for å bli våt. Han tek ikkje på seg regnklede.

Leo er ikkje redd for å bli våt, så han tek ikkje på seg regnklede.

SUBJUNKSJONAR

1

Set inn *at* eller *om*.

Irina fortel at ho skal reise til Oslo i helga.

Mohammed seier at han vil bli ingeniør.

Læraren spør om dei vil syngje ein song.

Eg lurer på om du vil vere med på kino.

Han svarer at han gjerne vil vere med på kino.

Læraren spør om Carmen vil ha hjelp til oppgåva.

Leo veit ikkje om han kan kome på trening i kveld.

Arne seier at Luisa må kome heim klokka 23.00.

Ho fortel at ho har vore i Ghana to gonger.

Luisa spør om ho kan få vere ute ein halv time lenger.

Carmen seier at ho ikkje får lov.

Vi lurer på om du har klart å løyse oppgåva.

Dei vil gjerne vite om vi liker å bu i Noreg.

Vi svarer at vi liker å bu i Noreg

2

Set inn *då* eller *når*.

Når eg blir stor, skal eg bli brannmann.

Leo kom til Noreg då han var elleve år.

Når det er fint vêr, går vi alltid på tur.

Då sola kom fram, gjekk vi ein lang tur.

Då eg var på ferie, fekk eg sjå mange nye stader.

Når eg er på ferie, liker eg å slappe av.

Då han var 16 år, begynte han å røykje.

Når han blir 25, skal han slutte å røykje.

Kvar gong når vi besøker bestemor, får vi kaker.

Eg må alltid passe på uttalen når eg pratar norsk.

3

Set inn ein subjunksjon som fortel om tid.

Bestefar gjekk ikkje i barnehage då han var barn.

Vi bruker å høyre på musikk medan vi les lekser.

I det same ho kom inn døra, ringde skuleklokka.

Ho får ofte vondt i hovudet når ho er trøytt.

Før eg flytta til Hareid, budde eg i Førde.

4

Set inn ein subjunksjon som fortel om årsak eller følgje.

Han vart for sein på skulen fordi bussen ikkje kom.

Bussen kom ikkje slik at han kom for seint.

Leo hadde på seg for lite klede så han vart forkjølt.

Leo vart forkjølt på grunn av at han hadde på seg for lite klede.

Han drakk mykje vatn sidan han var så tørst.

Han vart bilsjuk slik at han kasta opp.

5

Set inn ein subjunksjon som fortel om føremål, vilkår eller motsetning.

Han kom tidnok til skulen sjølv om bussen var for sein.

Dei starta i språkpraksis slik at dei skulle få trening i munnleg norsk.

Viss bussen kjem til rett tid, blir han ikkje for sein.

Ho klatra opp fjellveggen enda ho hadde høgdeskrekk.

Eg kan hjelpe deg dersom du vil.

Kan du skru på lyset slik at eg kan sjå betre?

Eg kan dessverre ikkje bli med på tur sjølv om eg har veldig lyst.

Han stod opp ti minutt tidlegare for at han ikkje skulle kome for seint.

INTERJEKSJONAR

1

Set inn småord som passar.

På 17. mai går alle i tog og ropar hipp, hipp hurra!

No må eg gå. Ha det!

Hallo! Dette er Carmen Gonzales som ringjer. Kan eg få snakke med legen?

God morgon! Korleis går det?

Au! Det gjer så vondt i tennene mine.

Jippi! No vart eg glad!

Æsj! "Eg liker ikkje tran", seier vesle Per på tre år.

2

Svar med *ja*, *jau* eller *nei*. Skriv heile setningar.

Snakkar du engelsk?

Ja, det gjer eg.

| | |
|-----------------------------------|---------------------------------|
| Snakkar du ikkje norsk? | <u>Jau</u> , det gjer eg. |
| Har du med barna dine? | <u>Nei</u> , det har eg ikkje. |
| Har du ikkje gjort leksene? | <u>Jau</u> , det har eg. |
| Har du gløymt boka di? | <u>Nei</u> , det har eg ikkje. |
| Kjem du ikkje snart? | <u>Jau</u> , eg kjem. |
| Drikk du ikkje kakao? | <u>Jau</u> , det gjer eg. |
| Forstår du? | <u>Nei</u> , det gjer eg ikkje. |
| Kjem du i kveld? | <u>Nei</u> , det gjer eg ikkje. |
| Kjem du ikkje i kveld? | <u>Jau</u> , det gjer eg. |
| Er det ikkje middag snart? | <u>Jau</u> , det er det. |
| Skal vi ikkje ha kjøt til middag? | <u>Nei</u> , det skal vi ikkje. |
| Skal vi ha fisk også? | <u>Ja</u> , det skal vi. |
| Skal vi ha is til dessert? | <u>Nei</u> , det skal vi ikkje. |
| Er det ingen andre som kjem? | <u>Jau</u> , det er det. |
| Kjem tante og onkel? | <u>Ja</u> , det gjer dei. |
| Kari kjem vel ikkje? | <u>Jau</u> , det gjer ho. |
| Skal du på kino i morgon? | <u>Nei</u> , det skal eg ikkje. |
| Skal du ikkje på kino i kveld? | <u>Jau</u> , det skal eg. |

SETNINGSLEDD

1

Analyser setningane under. Det betyr at du skal finne subjekt og verbal. Sjå eksempelet:

Leo som budde på Cuba før, snakkar godt norsk.

Subjekt: Leo som budde på Cuba før _____

Verbal: snakkar _____

Arne et middag på kafeen i dag.

Subjekt: Arne

Verbal: et

Om morgonen høyrer Carmen radio.

Subjekt: Carmen

Verbal: høyrer

Luisa gjer leksene sine kvar kveld.

Subjekt: Luisa

Verbal: gjer

Leo speler fotball i den nye hallen.

Subjekt: Leo

Verbal: speler

På skulen lærer Luisa mange nye fag.

Subjekt: Luisa

Verbal: lærer

Carmen gler seg til å arbeide som lege i Noreg.

Subjekt: Carmen

Verbal: gler seg

På skulen snakkar Leo berre norsk.

Subjekt: Leo

Verbal: snakkar

Leo og Luisa snakkar spansk med Carmen.

Subjekt: Leo og Luisa

Verbal: snakkar

På fredagar sit Luisa ofte på med Arne til byen.

Subjekt: Luisa

Verbal: sit på

Læraren til Carmen har undervist for utlendingar i mange år.

Subjekt: Læraren til Carmen

Verbal: har undervist

Klokka sju om morgonen må heile familien stå opp.

Subjekt: heile familien

Verbal: må stå opp

På grunn av jobben sin må Arne reise mykje.

Subjekt: Arne

Verbal: må reise

Til sommaren reiser dei på ferie til Cuba.

Subjekt: dei

Verbal: reiser

2

Analyser desse setningane. Sjå eksempelet:

Luisa kjøper ei ny kåpe.

Objekt: ei kåpe

Carmen les ei kubansk fagbok.

Objekt: ei kubansk fagbok

Arne liker å køyre litt for fort.

Objekt: å køyre litt for fort

At det var såpass mildt i Noreg, hadde ikkje Leo trudd.

Objekt: At det var såpass mildt i Noreg

Kvar dag lærer Luisa noko nytt om det norske samfunnet.

Objekt: noko nytt

Leo liker ikkje alle leksene som han må gjere.

Objekt: alle leksene som han må gjere

Skal Leo gi ei fin gåve?

Objekt: ei fin gåve

Arne sende ein e-post.

Objekt: ein e-post

3

Analysér desse setningane. Sjå eksempelet:

Leo lånte Luisa CD-en som han kjøpte i går.

Indirekte objekt: Luisa _____

Objekt: CD-en som han kjøpte i går _____

Luisa og Leo serverte Carmen kaffi på senga.

Indirekte objekt: Carmen

Objekt: kaffi

Carmen sende Arne ei tekstmelding.

Indirekte objekt: Arne

Objekt: ei tekstmelding

Arne sende henne ein e-post.

Indirekte objekt: henne

Objekt: ein e-post

Heile familien ønskte slektningane god jul.

Indirekte objekt: slektningane

Objekt: god jul

Slektningane på Cuba sende fine kort til Luisa og Leo.

Indirekte objekt: Luisa og Leo

Objekt: fine kort

Arne og Carmen gav kvarandre ein klem.

Indirekte objekt: kvarandre

Objekt: ein klem

Skal Leo gi den fine gåva til Luisa?

Indirekte objekt: Luisa

Objekt: den fine gåva

4

Analyser setningane under. Sjå eksempelet.

Katten blir også kalla pus.

Verbal: blir kalla _____

Predikativ: pus _____

Vêret har blitt så fint!

Verbal: har blitt

Predikativ: så fint

Carmen, Luisa og Leo er frå Cuba.

Verbal: er

Predikativ: frå Cuba

Barnet skal heite Per.

Verbal: skal heite

Predikativ: Per

Alle i klassa ser trøytt ut i den siste timen på fredag.

Verbal: ser ut

Predikativ: trøytt

5

Bøy predikativa under i kjønn og tal.

Huset er blått.

Garasjen er blå.

Bilane er blå(e)

Carmen har sett så lykkeleg ut.

Barnet har sett så lykkeleg ut.

Leo og Luisa har sett så lykkelege ut.

Døra er open.

Dørene er opne.

Vindauget er ope.

6

Finn adverbiala i setningane under. Det kan vere fleire i same setning. Sjå eksempelet:

Vêret har blitt så fint i det siste.

Adverbial: i det siste _____

Alle i klassa ser trøyte ut i den siste timen på fredag.

Adverbial: i den siste timen, på fredag

Ho blir ikkje kalla Vesla på skulen.

Adverbial: på skulen

Arne er kanskje den flinkaste kokken i familien.

Adverbial: kanskje, i familien

Om nokre år er dessverre begge barna våre vaksne.

Adverbial: Om nokre år, dessverre

7

Set desse setningane inn i tabellen på neste side:

Luisa og Leo sparkar fotball i hagen.

Carmen lærer norsk på føremiddagen.

Arne møter ein kollega i byen.

Katten et maten sin på verandaen.

| Subjekt | Verbal | Objekt | Adverbial |
|--------------|---------|-------------|-----------------|
| Luisa og Leo | sparkar | fotball | i hagen |
| Carmen | lærer | norsk | på føremiddagen |
| Arne | møter | ein kollega | i byen |
| Katten | et | maten sin | på verandaen |

HEILSETNINGAR

2

Gjenta setningane. Begynn med adverbialaet.

Leo speler fotball. Kvar onsdag speler Leo fotball.

Vi reiser til Cuba. I morgon reiser vi til Cuba.

Carmen les ei bok. No les Carmen ei bok.

Arne lagar middag. Kvar dag lagar Arne middag.

Luisa er på skulen. I dag er Luisa på skulen.

Det snør. No snør det.

4

Set inn *eg* og *les*.

Eg les ei norsk bok.

No les eg ei norsk bok.

Eg les aviser kvar dag.

Kvar dag les eg aviser.

Eg les brevet frå skulen.

No les eg brevet frå skulen.

5

Set setningsadverbiala til venstre inn i setningane.

ikkje Eg kjem ikkje på skulen i morgon.

ikkje I morgon kjem eg ikkje på skulen.

| | |
|---------|---|
| kanskje | Leo kjem <u>kanskje</u> på festen. |
| ofte | Luisa snakkar <u>ofte</u> i mobiltelefonen. |
| sikkert | Det blir <u>sikkert</u> hyggeleg. |
| truleg | I neste veke har eg <u>truleg</u> tid. |

6

Gjenta setningane. Begynn med adverbialet.

| | |
|---------------------------|-----------------------------------|
| Du må pusse tennene. | Kvar kveld må du pusse tennene. |
| Leo har snakka norsk. | I dag har Leo snakka norsk. |
| Luisa har lese boka. | No har Luisa lese boka. |
| Arne har skrive eit brev. | I dag har Arne skrive eit brev. |
| Vi skal reise til Cuba. | I påska skal vi reise til Cuba. |
| Eg bør leggje meg tidleg. | I kveld bør eg leggje meg tidleg. |
| Dei skal sjå ein film. | På torsdag skal dei sjå ein film. |

7

Set inn setningsadverbial i setningane.

| | |
|-----------|---|
| aldri | Eg har <u>aldri</u> lært å køyre bil. |
| aldri | Her har eg <u>aldri</u> jobba. |
| gjærne | Eg vil <u>gjærne</u> ha ein kopp kaffi. |
| dessverre | Carmen kan <u>dessverre</u> ikkje kome i kveld. |
| visst | Sonen til Fatima skal <u>visst</u> gifte seg. |
| alltid | Vi har <u>alltid</u> kjent kvarandre. |
| ikkje | Denne genseren vil eg <u>ikkje</u> ha på meg. |
| kanskje | Vi skal <u>kanskje</u> besøkje nokre vener i London i sommar. |

8

Set inn *ikkje*.

Her vil ikkje familien bu.
I går kom ikkje læraren vår.

Kvifor kjem ikkje Arne?

Kvifor har ikkje elevane pause?

I morgon skal ikkje Leo spele.

9

Skriv ferdig setningane.

Kan du gjere dette? Nei, dette kan ikkje eg gjere. **Luisa** må gjere det.

Kjem du frå Cuba? Nei, det gjer ikkje eg, men **Carmen** kjem derfrå.

Skal dei reise på ferie? Nei, det skal ikkje dei, men **vi** skal.

11

Plasser orda i rett rekkjefølgje.

katten Eg mat gav

Eg gav katten mat.

Eg katten Leo gav

Eg gav Leo katten.

Luisa eit brev mormor sende.

Luisa sende mormor eit brev.

13

Skriv setningane under med pronomen i staden for substantiv.

Vil dei ete maten? Vil dei ete han?

Vil dei ikkje ete maten? Vil dei ikkje ete han?

Et dei maten? Et dei han?

Et dei ikkje maten? Et dei han ikkje?

Dei skal ikkje kjøpe bilen. Dei skal ikkje kjøpe han.

Dei kjøper ikkje bilen. Dei kjøper han ikkje.

Møtte du barna? Møtte du dei?

Møtte du ikkje barna? Møtte du dei ikkje?

15

Begynn med det leddet som står i kursiv.

| | |
|--|---|
| Arne har jobba her i tre år <i>no</i> . | <u>No</u> har Arne jobba her i tre år. |
| Arne har jobba her <i>i tre år</i> no. | <u>I tre år</u> har Arne jobba her no. |
| Arne har jobba <i>her</i> i tre år no. | <u>Her</u> har Arne jobba i tre år no. |
| Du må dra heim <i>om ein time</i> . | <u>Om ein time</u> må dei dra heim. |
| Carmen budde på Cuba <i>før</i> . | <u>Før</u> budde Carmen på Cuba. |
| Dei flytta til Noreg <i>i 2005</i> . | <u>I 2005</u> flytta dei til Noreg. |
| Eg har vore i London <i>to gonger</i> . | <u>To gonger</u> har eg vore i London. |
| Luisa kom til Noreg <i>for to veker sidan</i> . | <u>For to veker sidan</u> kom Luisa til Noreg. |
| Eg har ikkje tid til å hjelpe deg <i>i dag</i> . | <u>I dag</u> har eg ikkje tid til å hjelpe deg. |
| Eg vil ikkje bli <i>sjukepleiar</i> . | <u>Sjukepleiar</u> vil eg ikkje bli. |
| Han gav far sin <i>ein klem</i> . | <u>Ein klem</u> gav han far sin. |
| Arne kom ikkje <i>fordi han var sjuk</i> . | <u>Fordi han var sjuk</u> , kom ikkje Arne |
| Han budde på Cuba <i>då han var liten</i> . | <u>Då han var liten</u> , budde han på Cuba |

16

Gjer setningane om til spørjesetningar.

| | |
|-------------------------------|-------------------------------|
| Leo speler fotball. | Speler Leo fotball? |
| Carmen liker kaffi. | Liker Carmen kaffi? |
| Leo går i sjette klasse. | Går Leo i sjette klasse? |
| Arne kjem tidleg heim i dag. | Kjem Arne tidleg heim i dag? |
| Han forstår engelsk. | Forstår han engelsk? |
| Leo liker å bu i Noreg. | Liker Leo å bu i Noreg? |
| Pablo har flytta. | Har Pablo flytta? |
| Irina vil lære norsk. | Vil Irina lære norsk? |
| Ho har lyst på noko å drikke. | Har ho lyst på noko å drikke? |

17

Svar på spørsmåla.

| | |
|--------------------------|--------------------------------|
| Skriv du russisk? | Ja, det <u>gjer</u> eg. |
| Vil du vere med på kino? | Nei, det <u>vil</u> eg ikkje. |
| Kan eg låne boka di? | Ja, det <u>kan</u> du. |
| Kjem du på festen? | Nei, det <u>gjer</u> eg ikkje. |

| | |
|-----------------------------|-------------------------------|
| Kan du gjenta? | Nei, det <u>kan</u> eg ikkje. |
| Snakkar læraren høgt nok? | Ja, det <u>gjer</u> han. |
| Er Leo heime? | Nei, det <u>er</u> han ikkje. |
| Går du til skulen kvar dag? | Ja, det <u>gjer</u> eg. |

19

Set inn spørjeord.

| | |
|---------------------------------|---------------------------------|
| Kva vil du ha å ete? | Eg vil gjerne ha salat. |
| Når kjem du heim? | Eg kjem heim i morgon. |
| Korleis har du det? | Eg har det berre bra, takk. |
| Kven er frå Irak? | Fatima er frå Irak. |
| Kven fortalde det? | Leo fortalde det. |
| Kva gjer du? | Eg skriv brev. |
| Kven er lege i familien? | Carmen er lege. |
| Korleis går det med barna dine? | Det går bra med barna mine. |
| Kva kostar avisa? | Avisa kostar ti kroner. |
| Når er du fødd? | Eg er fødd den 24. mai. |
| Kva seier læraren? | Han seier at vi må vere stille. |

21

Set inn *kor gammal* i rett form.

| |
|--|
| <u>Kor gammal</u> er mannen din? |
| <u>Kor gamle</u> er barna dine? |
| <u>Kor gammalt</u> er huset? |
| <u>Kor gamle</u> er besteforeldra til Leo? |

22

Set inn *kor mange* eller *kor mykje*.

| |
|---|
| Kor <u>mange barn</u> har du? |
| Kor <u>mykje ris</u> skal eg koke? |
| Kor <u>mange brusflasker</u> skal eg ta med på turen? |
| Kor <u>mange bøker</u> har du lese? |
| Kor <u>mykje fisk</u> fekk du i går? |

Kor mange dagar skal du vere her?

Kor mykje kostar avisa?

23

Set inn *kva for ei, kva for ein, kva for eit* eller *kva for nokre*.

Kva for ein skule går du på?

Kva for ein hund er din?

Kva for nokre sko er dine?

Kva for nokre briller er Carmen sine?

Kva for eit fag studerer Irina?

24

Gjer om til imperativsetningar.

Du må køyre rett fram!

Køyr rett fram!

Du må svinge til høgre!

Sving til høgre!

Du må gå over gata her!

Gå over gata her!

Du må stoppe på raudt lys!

Stopp på raudt lys!

Du må ikkje køyre over 60 km i timen.

Ikkje køyr over 60 km i timen!

Du må ikkje køyre forbi!

Ikkje køyr forbi!

Du må ikkje stoppe her!

Ikkje stopp her!

25

Gjenta setningane. Start med adverbialet.

Det er kaldt i dag.

I dag er **det** kaldt.

Det snør i dag.

I dag snør det.

Det regna i heile går.

I heile går regna det.

Det snødde mykje i vinter.

I vinter snødde det mykje.

Det er ikkje kaldt i dag.

I dag er det ikkje kaldt.

Det blir sikkert fint vêr i morgon.

I morgon blir det sikkert fint vêr.

26

Gjer dei kursiverte setningane om til det-setningar.

Å *lære norsk* er vanskeleg.

Det er vanskeleg å lære norsk.

Å ete fem frukter kvar dag er bra for helsa.

Det er bra for helsa å ete fem frukter kvar dag.

Å snakke norsk er viktig.

Det er viktig å snakke norsk.

Å ete grønsaker er sunt.

Det er sunt å ete grønsaker.

At Leo er flink til å spele fotball, er sant.

Det er sant at Leo er flink til å spele fotball.

Om laget vårt vinn i dag, er usikkert.

Det er usikkert om laget vårt vinn i dag

Kven som skal reise på ferie, er ikkje bestemt.

Det er ikkje bestemt kven som skal reise på ferie.

At månen er laga av grøn ost, er ikkje sant.

Det er ikkje sant at månen er laga av grøn ost.

At jorda er rund, er sant.

Det er sant at jorda er rund.

Kven som skal opp til munnleg prøve, blir avgjort i morgon.

Det blir avgjort i morgon kven som skal opp til munnleg prøve.

27

Start med *det* og gjer om setningane under. Sjå eksempelet.

Ein god ven kom på besøk.

Det kom ein god ven på besøk.

| | |
|---------------------------------------|---|
| Ein iransk familie bur i huset. | Det bur ein iransk familie i huset. |
| Mange turistar kjem til Noreg. | Det kjem mange turistar til Noreg. |
| Mange flotte fjell finst på Sunnmøre. | Det finst mange flotte fjell på Sunnmøre. |
| To gutar kom gåande. | Det kom to gutar gåande. |
| Nokre appelsinar ligg i kjøleskapet. | Det ligg nokre appelsinar i kjøleskapet. |
| Nokre apar rømde frå dyrehagen. | Det rømde nokre apar frå dyrehagen. |

28

Set inn *det* og *er*.

Det er mange flotte fjell på Sunnmøre.

På Sunnmøre er det også mange fine turområde.

På turistkontoret er det mykje å gjere om sommaren.

Det er mange turistar som kjem innom kontoret.

Kor mange turistattraksjonar er det i Ålesund?

Det er mange turistskip som reiser innom Geiranger.

Turistane synest det er dyrt i Noreg.

Det er mange turistar som liker å fiske.

Er det mykje fisk i havet?

LEDDSETNINGAR

1

Gjer setningane om til forteljande leddsetningar.

| | |
|----------------------------|---|
| Carmen er kona hans. | Arne seier <u>at Carmen er kona hans</u> . |
| Luisa går på skule i byen. | Arne fortel <u>at Luisa går på skule i byen</u> . |
| Leo er tolv år. | Arne svarer <u>at Leo er tolv år</u> . |
| Ålesund er ein fin by. | Arne seier <u>at Ålesund er ein fin by</u> . |
| Huset er raudt. | Arne svarer <u>at huset er raudt</u> . |
| Det snør i dag. | Arne seier <u>at det snør i dag</u> . |
| Bilen er ny. | Arne fortel <u>at bilen er ny</u> . |

2

Kva seier dei?

| | |
|-----------------------------|---|
| "Eg liker å spele fotball." | Leo seier at <u>han liker å spele fotball.</u> |
| "Eg er 17 år gammal." | Luisa seier at <u>ho er 17 år gammal.</u> |
| "Eg er lege." | Carmen seier <u>at ho er lege.</u> |
| "Eg er glad i kona mi." | Arne seier <u>at han er glad i kona si.</u> |
| "Luisa er storesystera mi." | Leo seier at <u>Luisa er storesystera hans.</u> |
| "Eg kjem snart!" | Luisa roper at <u>ho kjem snart.</u> |

3

Gjer setningane om til indirekte tale med verba i preteritum.

| | |
|--------------------------------------|---|
| Han fortalde: "Ho bur på Cuba." | Han fortalde <u>at ho budde på Cuba.</u> |
| Ho sa: "Eg liker å lage mat." | Ho sa at <u>ho likte å lage mat.</u> |
| Han sa: "Eg elsker deg." | Han sa <u>at han elska henne.</u> |
| Ho sa: "Eg vil ha is." | Ho sa <u>at ho ville ha is.</u> |
| Han sa: "Vi må gå." | Han sa <u>at dei måtte gå.</u> |
| Mora fortalde: "Vi er heime." | Mora fortalde <u>at dei var heime.</u> |
| Ho spurde: "Vil du bli med på kino?" | Ho spurde <u>om eg ville bli med på kino.</u> |
| Ho sa: "Eg lurar på om han kjem?" | Ho lurte på <u>om han kom.</u> |
| Leo spurde: "Kan eg få ein is?" | Han spurde <u>om han kunne få ein is.</u> |

4

Gjer spørjesetningane om til leddsetningar.

| | |
|-----------------------------|--|
| Forstår ho? | Han lurar på <u>om ho forstår.</u> |
| Blir det fint vêr i morgon? | Luisa lurar på <u>om det blir fint vêr i morgon.</u> |
| Er dei svoltne? | Carmen spør <u>om dei er svoltne.</u> |
| Er spansk vanskeleg? | Arne lurar på <u>om spansk er vanskeleg.</u> |
| Har dei lunsjpause? | Luisa spør <u>om dei har lunsjpause.</u> |
| Har nokon sett boka mi? | Leo spør <u>om nokon har sett boka hans.</u> |
| Er dette bilen hennar? | Arne spør <u>om dette er bilen hennar.</u> |

5

Set inn *om* eller *at*.

Leo veit ikkje om han kan kome på trening i kveld.

Arne seier at Luisa må kome heim klokka 23.00.

Luisa spør om ho kan få vere ute ein halv time til.

Carmen seier at Luisa ikkje får lov.

Dei vil gjerne vite om vi liker å bu i Noreg.

Vi lurer på om du har klart å løyse oppgåva.

Han spurde om noko veldig viktig.

Dei visste at det kom til å gå bra.

6

Bruk spørjeord som subjunksjon.

Kva sa han? Eg høyrde ikkje kva han sa.

Når begynner filmen? Carmen spør når filmen begynner.

Kvar bur dei? Leo veit ikkje kvar dei bur.

Kva tyder det? Ingen veit kva det tyder.

Korleis stavar han namnet? Carmen spør korleis han stavar namnet.

Kor gammal er oldefaren min? Luisa veit ikkje kor gammal oldefaren hennar er.

Kvifor må vi ha det? Ingen forstår kvifor vi må ha det.

Kor mange bøker har dei lese? Læraren vil vite kor mange bøker dei har lese.

Når er Noregs nasjonaldag? Han vil vite når Noregs nasjonaldag er.

Korleis kjem han seg heim? Carmen spør korleis han kjem seg heim.

7

Set inn spørjeord som subjekt i leddsetninga.

Carmen vil vite kven som har knust vasen.

Luisa vil vite kva som skjedde i går.

Arne lurar på kven som kjem i kveld.

Eg veit ikkje kva som er viktigast.

Leo lurar på kven som vil spele fotball med han.

Ingen veit kven som bur her.

Carmen vil vite kva for ei bok som er hennar.

Arne vil vite kven som ringer på døra.

Læraren fortel kva verb som er a-verb.

Ho forklarar kva setningar som er leddsetningar.

8

Knyt saman setningane med *fordi*.

| | |
|---------------------------------------|--|
| Carmen kjem ikkje. Ho er sjuk. | Carmen kjem ikkje <u>fordi ho er sjuk</u> . |
| Han kan ikkje lese. Han er 3 år. | Han kan ikkje lese <u>fordi han er tre år</u> . |
| Luisa svarer ikkje. Ho er ute. | Luisa svarer ikkje <u>fordi ho er ute</u> . |
| Han ser ikkje. Han er blind. | Han ser ikkje <u>fordi han er blind</u> . |
| Postmannen skreik. Hunden beit. | Postmannen skreik <u>fordi hunden beit</u> . |
| Eg må gå. Eg må på eit møte. | Eg må gå <u>fordi eg må på eit møte</u> . |
| Eg kjem ikkje heim no. Eg må handle. | Eg kjem ikkje heim no <u>fordi eg må handle</u> . |
| Han er i Noreg. Han skal arbeide her. | Han er i Noreg <u>fordi han skal arbeide her</u> . |

10

Start med leddsetninga først.

Eg skal reise jorda rundt viss eg vinn ein million.
Viss eg vinn ein million, skal eg reise jorda rundt.

Eg vil ikkje ha vatn sjølv om eg er tørst.
Sjølv om eg er tørst, vil eg ikkje ha vatn.

Eg var mykje sjuk då eg var liten.
Då eg var liten, var eg mykje sjuk.

Læraren vart sint fordi Leo ikkje hadde gjort leksene.
Fordi Leo ikkje hadde gjort leksene, vart læraren sint.

Vi kjem til finalen viss vi vinn denne kampen.
Viss vi vinn denne kampen, kjem vi til finalen.

12

Gjer om til som-setningar.

Carmen har ein son. Sonen heiter Leo.

Carmen har ein son som heiter Leo.

Vi har ein nabo. Naboen er 80 år gammal.

Vi har ein nabo som er 80 år gammal.

Vi bur i ein by. Byen heiter Ulsteinvik.

Vi bur i ein by som heiter Ulsteinvik.

Vi bur på ein liten stad. Staden ligg ved kysten.

Vi bur på ein liten stad som ligg ved kysten.

13

Gjer om til som-setningar.

Arne har ein jobb. Han liker jobben.

Arne har ein jobb (som) han liker.

Vi leiger eit hus. Kommunen eig huset.

Vi leiger eit hus (som) kommunen eig.

Naboen har ein baby. Luisa passar babyen.

Naboen har ein baby (som) Luisa passar.

Vi las eit eventyr. Eg har lese det før.

Vi las eit eventyr (som) eg har lese før.

Vi skal sjå ein film. Alle snakkar om filmen.

Vi skal sjå ein film (som) alle snakkar om.

Vi besøkte byen. Familien din bur i byen.

Vi besøkte byen (som) familien din bur i.

Arne har ei kone. Du må helse på henne.

Arne har ei kone (som) du må helse på.

Eg har eit rom. Vi har pussa opp rommet.

Eg har eit rom (som) vi har pussa opp.

14

Set inn adverba på rett plass i leddsetningane:

- ikkje Han seier at han ikkje kan snakke spansk.
ofte Carmen fortel at ho ofte tenkjer på heimlandet.
aldri Det er rart at ho aldri har sett snø.
gjærne Eg er sikker på at dei gjærne vil ha mat når dei kjem.

15

Gjer heilsetningane om til leddsetningar.

- Carmen kjem ikkje. Han seier at Carmen ikkje kjem.
Leo vil ikkje leggje seg. Han seier at Leo ikkje vil leggje seg.
Han har aldri tid. Han seier at han aldri har tid.
Elevane forstår ikkje. Han seier at elevane ikkje forstår.
Kvifor kjem ikkje Carmen? Han spør kvifor Carmen ikkje kjem.
Skal dei ikkje ha pause? Han spør om dei ikkje skal ha pause.
Kvifor må alltid eg gjere det? Han spør kvifor han alltid må gjere det.

16

Knyt saman setningane.

Han hadde ikkje tid. Han ville besøkje mormora.

Sjølv om han ikkje hadde tid, ville han besøkje mormora.

Ho kjenner ikkje nokon. Ho vil ikkje flytte.

Sjølv om ho ikkje kjenner nokon, vil ho ikkje flytte.

Prøva var ikkje vanskeleg. Ho klarte ikkje prøva.

Sjølv om prøva ikkje var vanskeleg, klarte ho ikkje prøva.

Vêret er ofte dårleg. Dei liker seg her.

Sjølv om vêret ofte er dårleg, liker dei seg her.

Han er berre tre år. Han kan lese.

Sjølv om han berre er tre år, kan han lese.

17

Gjer om til som-setningar.

Vi held på med ei grammatikkoppgåve. Grammatikkoppgåva er ikkje vanskeleg.

Vi held på med ei grammatikkoppgåve som ikkje er vanskeleg.

Luisa har ein bror. Broren speler ofte fotball.

Luisa har ein bror som ofte speler fotball.

Dei snakkar eit språk. Eg forstår ikkje språket.

Dei snakkar eit språk som eg ikkje forstår.

Kari har ei syster. Eg kjenner ikkje systema.

Kari har ei syster som eg ikkje kjenner.

Dei har ein onkel. Onkelen kjem aldri på besøk.

Dei har ein onkel som aldri kjem på besøk.

Vi har ein ven. Venen kan dessverre ikkje kome.

Vi har ein ven som dessverre ikkje kan kome.

Leo har ein mobiltelefon. Han snakkar alltid i mobiltelefonen.

Leo har ein mobiltelefon som han alltid snakkar i.

Naboen har ein baby. Luisa sit ofte barnevakt for babyen.

Naboen har ein baby som Luisa ofte sit barnevakt for.

Å BINDE SAMAN SETNINGAR

1

Kva ordklasse høyrer dei utheva orda til?

| | |
|--|-------------|
| Då eg var i London, besøkte eg tanta mi. | Subjunksjon |
| Ein hund beit Leo. Derfor er han redd hundar. | Adverb |
| Arne går på spanskkurs, for han vil lære spansk. | Konjunksjon |
| Luisa lengtar til Cuba sjølv om ho trivst i Noreg. | Subjunksjon |
| No må du pusse tennene. Deretter må du leggje deg. | Adverb |

2

Bruk i tillegg, dessutan, også, heller ikkje eller og til å binde saman setningane.

Luisa kjem frå Havanna. Leo kjem frå Havanna.

Luisa kjem frå Havanna. Leo kjem også frå Havanna.

Carmen liker ikkje å fly. Arne liker ikkje å fly.

Carmen liker ikkje å fly. Arne liker heller ikkje å fly.

Eg må kjøpe ei ny grammatikkbok. Eg må kjøpe ei nynorsk ordbok.

Eg må kjøpe ei ny grammatikkbok. I tillegg må eg kjøpe ei nynorsk ordbok.

Eg kjem ikkje på skulen i morgon. Leo kjem ikkje på skulen i morgon.

Eg kjem ikkje på skulen i morgon. Leo kjem heller ikkje.

Dei har ikkje katt. Dei har ikkje hund.

Dei har ikkje katt og ikkje hund.

Han har hytte ved sjøen. Han har ein stor seglbåt.

Han har hytte ved sjøen. Dessutan har han ein stor seglbåt.

Ho liker vinteren. Ho liker sommaren.

Ho liker vinteren. Ho liker sommaren også.

3

Set inn orda i rett rekkjefølgje: ho – hadde – ete

Då ho hadde ete kveldsmaten sin, gjekk ho og la seg. Då hadde ho ete to skiver med brunost og drukke ein kopp te. Ho sov lenge neste morgon. Før ho hadde ete frukost, hadde Leo allereie gått på skulen. Då ho hadde ete ferdig frukosten, tok ho bussen til byen.

4

Set inn etter, etterpå eller etter at.

Etter skulen må Ali passe veslebroren sin. Etterpå skal han på kino med Fatima. Etter kinoen skal dei på kafé. Etter at dei har drukke te, skal dei ta bussen heim.

5

Bind saman setningane med orda til venstre. Hugs rett tid på verbet.

Vi åt frukost. Vi gjekk på stranda.

etterpå Vi åt frukost. Etterpå gjekk vi på stranda.

etter Etter frukost gjekk vi på stranda.

etter at Vi gjekk på stranda etter at vi hadde ete frukost.

Vi tok hurtigruta inn Geirangerfjorden. Vi besøkte Fjordsenteret.

etterpå Vi tok hurtigruta inn Geirangerfjorden. Etterpå besøkte vi Fjordsenteret.

så Vi tok hurtigruta inn Geirangerfjorden. Så besøkte vi Fjordsenteret.

etter at Etter at vi hadde teke hurtigruta inn Geirangerfjorden, besøkte vi Fjordsenteret.

6

Sett inn no, først, etterpå, så, då eller etter.

I går vann Arne i Lotto. Då vart han glad!

Først må Carmen lære norsk. Etterpå kan ho få seg jobb.

No må du kome! Alle ventar berre på deg.

Då budde dei i ein stor by. No bur dei på landet.

No skal de få ei viktig melding.

Først må han på flyktningkontoret. Så må han på arbeidskontoret.

No må ho handle mat. Etterpå må ho hente barna i barnehagen.

Etter norskkurset har eg ein avtale med flyktningkonsulenten.

9

Bind saman setningane ved hjelp av orda til venstre.

Arne vaskar opp. Carmen tørkar.

medan Arne vaskar opp medan Carmen tørkar

Far kviler seg. Barna ser barne-TV.

medan Far kviler seg medan barna ser barne-TV.

Arne og Carmen var på Cuba. Kari og Per var i Italia.

samtidig som Arne og Carmen var på Cuba samtidig som Kari og Per var i Italia.

Per synest det er vanskeleg å syngje. Han speler piano.

samtidig som Per synest det er vanskeleg å syngje samtidig som han speler piano.

Arne var på veg ut. Carmen kom heim.

I det Arne var på veg ut i det Carmen kom heim.

11

Set inn *for* eller *fordi*.

Vi må ta drosje, for vi rekk ikkje bussen.

Vi må ta drosje fordi vi ikkje rekk bussen.

Ho sprang fort fordi ho gjerne ville vinne.

Ho sprang fort, for ho ville gjerne vinne.

13

Set inn *derfor*, *så* eller *fordi*.

Luisa forsov seg, derfor kom ho for seint på skulen.

Luisa forsov seg, så ho kom for seint på skulen.

Luisa kom for seint på skulen fordi ho forsov seg.

14

Bind saman setningane ved hjelp av orda til venstre.

Carmen skal gå på norskkurs. Ho vil lære å snakke norsk.

fordi Carmen skal gå på norskkurs fordi ho vil lære å snakke norsk.

derfor Carmen vil lære å snakke norsk. Derfor skal ho gå på norskkurs.

Luisa skrik høgt. Ho er redd for veps.

fordi Luisa skrik høgt fordi ho er redd for veps.

derfor Luisa er redd for veps. Derfor skrik ho høgt.

Leo vil ikkje rydde rommet sitt. Carmen blir sint.

fordi Carmen blir sint fordi Leo ikkje vil rydde rommet sitt.

derfor Leo vil ikkje rydde rommet sitt. Derfor blir Carmen sint.

Han vil ikkje flytte. Han liker seg godt her.

fordi Han vil ikkje flytte fordi han liker seg godt her.

derfor Han liker seg godt her. Derfor vil han ikkje flytte.

Han kom ikkje på skulen. Han var ikkje frisk.

fordi Han kom ikkje på skulen fordi han ikkje var frisk.

derfor Han var ikkje frisk. Derfor kom han ikkje på skulen.

15

Bind saman setningane ved hjelp av orda til venstre.

Det er dyrt i Noreg. Dei vil bu her.

men Det er dyrt i Noreg, men dei vil bu her

sjølv om Sjølv om det er dyrt i Noreg, vil dei bu her.

likevel Det er dyrt i Noreg. Likevel vil dei bu her.

Det regnar. Arne gjekk ein tur.

men Det regnar, men Arne gjekk ein tur.

enda Enda det regnar, gjekk Arne ein tur.
likevel Det regnar. Likevel gjekk Arne ein tur.

Leo er trøytt. Han vil ikkje leggje seg.

men Leo er trøytt, men han vil ikkje leggje seg.
sjølv om Sjølv om Leo er trøytt, vil han ikkje leggje seg.

likevel Leo er trøytt. Likevel vil han ikkje leggje seg.

Han gjekk på jobb. Han var sjuk.

enda Han gjekk på jobb enda han var sjuk.
men Han var sjuk, men han gjekk på jobb.
likevel Han var sjuk. Likevel gjekk han på jobb.

16

Bind saman desse setningane med *viss*, *dersom* eller *så sant*.

Du må ringje legen. Feberer stig.

Du må ringje legen dersom feberer stig.

Du må ta på deg fine klede. Du skal på festen.

Du må ta på deg fine klede viss du skal på festen

Luisa skal byrje å studere. Ho klarer eksamen.

Luisa skal byrje å studere så sant ho klarer eksamen.

Du finn mat i kjøleskapet. Du er svolten.

Dersom du er svolten, finn du mat i kjøleskapet.

17

Set inn *viss ikkje*, *elles* eller *viss*.

Eg må rekke bussen. Elles må eg gå til jobb.

Carmen må få godkjent utdanninga si. Viss ikkje blir det vanskeleg å få jobb som lege.

Viss Arne ønskjer å gå på spanskurs, må han melde seg på innan onsdag.

Viss ikkje Leo ryddar rommet sitt i dag, blir Carmen sint.

18

Bind saman setningane med orda til venstre.

Luisa tek sykkelen. Ho skal ikkje kome for seint på skulen.

for at Luisa tek sykkelen for at ho ikkje skal kome for seint på skulen.

for å Luisa tek sykkelen for ikkje å kome for seint på skulen.

så Luisa tek sykkelen så ho ikkje skal kome for seint på skulen.

21

Bruk ulike ord og uttrykk for å binde saman setningane.

Dei sparte pengar. Dei måtte kjøpe ny bil.

Dei sparte pengar fordi dei måtte kjøpe ny bil.

Prikken var svolten. Han ville ikkje ete brød.

Prikken var svolten. Likevel ville han ikkje ete brød.

Arne har meldt seg på spanskurs. Han vil lære spansk.

Arne har meldt seg på spanskurs på grunn av at han vil lære spansk

Kona til Arne snakkar spansk. Han vil lære spansk.

Kona til Arne snakkar spansk, så han vil lære spansk

Du må jage vekk Prikken. Prikken ligg på biltaket.

Du må jage vekk Prikken. Prikken ligg nemleg på biltaket.

Arne og Carmen snakkar høgt. Leo får ikkje sove.

Arne og Carmen snakkar høgt. Derfor får ikkje Leo sove.

Arne trefte Carmen. Ho var på studietur i Noreg.

Arne trefte Carmen då ho var på studietur i Noreg.

TEIKNSETJING

1

Set punktum og stor bokstav på rett plass i teksta under.

Eg heiter Arne. Eg er gift med Carmen. Ho har ein son og ei dotter. Sonen heiter Leo og dottera heiter Luisa. Dei kjem frå eit land i Latin-Amerika som heiter Cuba. På Cuba budde dei i Havanna. Havanna er ein stor by. I Noreg bur vi i ei lita bygd. Vi bur i eit hus. Det ligg i sentrum nær ein stor matbutikk. Ved sidan av matbutikken ligg ein blomebutikk. Eg skal kjøpe ein stor blomebukett til kona mi. Ho blir 40 år i dag. Barna har laga ei fin gåve til Carmen. Vi skal feire dagen saman med vener. Carmen har laga ei god kake.

2

Gjer setningane under om til direkte tale. Sjå eksempelet under. Hugs også å endre eignedomsorda.

**Leo seier at han og kameraten hans skal reise til Cuba.
"Eg og kameraten min skal reise til Cuba," seier Leo.**

Carmen spør om Arne vil hente Leo på skulen i dag.

"Vil du hente Leo på skulen i dag?" spør Carmen

Luisa fortel at ho og dei nye venene hennar skal på hyttetur.

"Eg og dei nye venene mine skal på hyttetur," fortel Luisa.

Carmen og Arne sa at dei hadde hatt ein hyggeleg kveld.

"Vi har hatt ein hyggeleg kveld," sa Carmen og Arne.

Leo spurde om han kunne besøkje besteforeldra sine i sommar.

"Kan eg besøkje besteforeldra mine i sommar?" spør Leo

3

Gjer setningane under om til indirekte tale. Sjå eksempelet under. Hugs også å endre eignedomsorda.

**Carmen seier: "Vi skal besøkje tanta dykkar neste sommar."
Carmen seier at dei skal besøkje tanta si neste sommar.**

Luisa spør veninna si: "Vil du vere med på kino i kveld?"

Luisa spør veninna si om ho vil vere med på kino i kveld.

"Skal vi på klassetur til Oslo?" spurde Leo læraren sin då han kom på skulen.

Då Leo kom på skulen, spurde han læraren sin om dei skulle på klassetur til Oslo.

"Pass deg for bilane!" ropte Carmen til Leo.

Carmen ropte til Leo at han måtte passe seg for bilane.

"De må alltid hugse å ta med syklane dykkar heim," seier Arne til Leo og Luisa.

Arne seier til Leo og Luisa at dei alltid må hugse å ta med seg syklane sine heim.

4

Set komma på rett plass. Skriv under den regelen du har brukt.

Når eg er ferdig med leksene, skal eg kvile.

Regel 2

Arne vaskar opp, og Carmen les avisa.

Regel 1

På turen måtte Leo ta med varme klede, matpakke, termos, fotoapparat, kart og kompass.

Regel 4

Alle som går i klassa til Luisa, har teke godt imot henne.

Regel 3

5

Set inn stor bokstav og rett teikn i teksta under: punktum, spørsmålsteikn, utropsteikn, hermeteikn, kolon og komma

Det var ein gong tre bukkar som skulle til seters og gjere seg feite. Alle tre heitte Bukken Bruse. På vegen var det ei bru over ein foss dei skulle over, og under den brua budde

eit stort, fælt troll med auge som tinn-tallerkenar og nase så lang som eit riveskaft. Først kom den yngste Bukken Bruse og skulle over brua:

"Tripp trapp, tripp trapp," sa det i brua.

"Kven er det som trippar på mi bru!" skreik trollet.

"Å, det er den minste Bukken Bruse. Eg skal til seters og gjere meg feit," sa bukken.

Han var så fin i målet.

"No kjem eg og tek deg!" sa trollet.

"Å nei, ta ikkje meg, for eg er så liten, eg! Vent berre, så kjem den mellomste Bukken Bruse. Han er mykje større".

"Ja vel, då," sa trollet.

Om ei lita stund kom den mellomste Bukken Bruse og skulle over brua:

"Tripp trapp, tripp trapp, tripp trapp," sa det i brua

"Kven er det som trippar på mi bru!" skreik trollet

"Det er den mellomste Bukken Bruse som skal til seters og gjere seg feit!" sa bukken. Han var ikkje fin i målet, han.

"No kjem eg og tek deg!" sa trollet

"Å nei, ta ikkje meg! Vent berre, så kjem den store Bukken Bruse. Han er mykje, mykje større."

"Ja vel, då," sa trollet.

Rett som det var, kom den store Bukken Bruse.

"Tripp trapp, tripp trapp, tripp trapp," sa det i brua. Bukken var så tung at brua knaka og braka under han.

"Kven er det som trampar på mi bru?" skreik trollet.

"Det er den store Bukken Bruse," sa bukken. Han var så grov i målet.

"No kjem eg og tek deg!" skreik trollet.

"Ja, kom du!

Eg har to spyd.

Med dei skal eg stikke auga ut på deg.

Eg har to store kampesteinar.

Med dei skal eg knuse marg og bein på deg," sa bukken.

Og så rauk han på trollet og stakk ut auga på det, slo sund både marg og bein, og stanga det utfor fossen. Så gjekk han til seters. Der vart bukkane så feite, så feite at dei nesten ikkje orka å gå heim att. Og er ikkje feittet gått av dei, så er dei der enno!

Snipp, snapp, snute. Så er eventyret ute.